

Innkalling

Utval: Sykkylven kontrollutval

Møtestad: Sykkylven rådhus

Dato: 30.11.2023

Tidspunkt: Kl. 14:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksi.no eller på telefon 90 74 13 99

Varamedlem møter kun etter nærare innkalling frå sekretariatet.

Sakliste

PS 26/23 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

PS 27/23 Arbeidet i kontrollutvalet

PS 28/23 Orienteringar

OS 01/23 Informasjon om revisjons- og kommunikasjonsplan 2023

PS 29/23 Engasjementsbrev frå revisor 2023-2027

PS 30/23 Bestilling av risiko- og vesentlegvurdering 2024

PS 31/23 Rapport frå eigarskapskontroll 2023

PS 32/23 Møteplan 2024 - dato for første møtet

PS 33/23 Meldingar

MS 11/23 Opplæring og kurs for nytt kontrollutval

Ålesund, 24.11.2023

Leonhard Vårdal
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Seniorrådgivar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 26/23	Sykkylven kontrollutval	30.11.2023

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling, sakliste og protokoll forrige møte.

Vedlegg

Møteprotokoll - Sykkylven kontrollutval - 07.09.2023

Møteprotokoll

Utval	Sykkylven kontrollutval
Møtestad	Sykkylven rådhus
Dato	07.09.2023
Tidspunkt	kl 14:00 - 16:00

Følgjande medlemmer møtte

Grethe Melseth
Kjellaug Roald
Leonhard Vårdal
Målfinn Aanning
Petter Hole-Drabløs

Møtenotat

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA møtte oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor Kathrin Haram og forvaltningsrevisor Einar Andersen.

Frå administrasjonen møtte økonomisjef Torbjørn Emblem. Rådgivar Øyvind Fet deltok på sak 20/23.

Leonhard Vårdal
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Rådgjevar SKS IKS

Sakliste

- PS 18/23 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 19/23 Meldingar
MS 07/23
- MS 08/23 Stadfesting av revisor sitt sjølvstende 2023
MS 09/23 Innkalling generalforsamling 01.09.2023 - Bingsa Gjenvinning AS
MS 10/23 Møre og Romsdal Revisjon SA - Protokoll årsmøte 2023
PS 20/23 Oppfølging av vedtak forvaltningsrevisjon 2022 ressursbruk i barnehage - Sykkylven kommune
PS 21/23 Uttale om forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2022 - Sykkylven kommune
PS 22/23 Revisjons- og kommunikasjonsplan 2023 - Sykkylven kommune
PS 23/23 Tilråding budsjetttramme for kontrollarbeidet 2024 - Sykkylven kommune
PS 24/23 Oppfølging av kontrollutvalet sine saker - oversikt per 01.09.2023
PS 25/23 Evaluering av utvalsperioden og erfaringsoverføring til ny periode - Sykkylven kontrollutval

PS 18/23 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Sykkylven kontrollutval 07.09.2023

Votering: Samrøystes vedteke

SYKU - 18/23 vedtak

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 19/23 Meldingar

Sykkylven kontrollutval 07.09.2023

Behandling

SYKU - 19/23 vedtak

MS 07/23 Status på arbeidet med eigarskapskontroll 2023 - Sykkylven kommune

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek informasjonen til vitande.

Sykkylven kontrollutval 07.09.2023

Behandling

Forvaltningsrevisor Einar Andersen gav utvalet ei god orientering om arbeidet med eigarskapskontrollen.

Votering: Samrøystes vedteke

SYKU - 07/23 vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til vitande.

MS 08/23 Stadfesting av revisor sitt sjølvstende 2023

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Sykkylven kontrollutval 07.09.2023

Behandling

Votering: Samrøystes vedteke

SYKU - 08/23 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS Innkalling generalforsamling 01.09.2023 - Bingsa Gjenvinning AS

Sykkylven kontrollutval 07.09.2023

Behandling

Votering: Samrøystes vedteke

SYKU - 09/23 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande

MS 10/23 Møre og Romsdal Revisjon SA - Protokoll årsmøte 2023

Sykkylven kontrollutval 07.09.2023

Behandling

Votering: Samrøystes vedteke

SYKU - 10/23 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande

PS 20/23 Oppfølging av vedtak forvaltningsrevisjon 2022 ressursbruk i barnehage - Sykkylven kommune

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet seier seg nøgd med den skriftelege oppsummeringa frå kommunedirektøren. I den kjem det fram korleis tilrådingane til forbetring og læring i forvaltningsrevisjonsrapporten, er fulgt opp.

Kontrollutvalet er nøgd med dei tiltak og endringar som kommunedirektøren har gjort, og avsluttar oppfølginga frå kontrollutvalet si side.

Sykkylven kontrollutval 07.09.2023

Behandling

Rådgivar Øyvind Fet deltok og svarte på dei spørsmål som kontrollutvalet hadde.

Votering: Samrøystes vedteke

SYKU - 20/23 vedtak

Kontrollutvalet seier seg nøgd med den skriftelege oppsummeringa frå kommunedirektøren. I den kjem det fram korleis tilrådingane til forbetring og læring i forvaltningsrevisjonsrapporten, er fulgt opp.

Kontrollutvalet er nøgd med dei tiltak og endringar som kommunedirektøren har gjort, og avsluttar oppfølginga frå kontrollutvalet si side.

PS 21/23

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek revisor sin uttale om forenkla etterlevingskontroll til vitande.

Sykkylven kontrollutval 07.09.2023

Behandling

Revisor Kathrin Haram gav utvalet eit orientering om gjennomføringa av etterlevingskontrollen.

Votering: Samrøystes vedteke

SYKU - 21/23 vedtak

Kontrollutvalet tek revisor sin uttale om forenkla etterlevingskontroll til vitande.

PS 22/23 Revisjons- og kommunikasjonsplan 2023 - Sykkylven kommune

Sekretariatet si tilråding:

Sykkylven kontrollutval tek framlagte revisjons- og kommunikasjonsplan 2023 til vitande.

Sykkylven kontrollutval 07.09.2023

Behandling

Revisor gjekk kort gjennom planeen. Denne planen må det nye kontrollutvalet også gjerast kjent med, fordi det er dei som skal følgje opp det påsjå-ansvaret som kontrollutvalet har.

Votering: Samrøystes vedteke

SYKU - 22/23 vedtak

Sykkylven kontrollutval tek framlagte revisjons- og kommunikasjonsplan 2023 til vitande.

PS 23/23 Tilråding budsjetttramme for kontrollarbeidet 2024 - Sykkylven kommune

Kontrollutvalet føreset at utvalet vert gjort kjent med budsjetttramma for kontrollarbeidet, når kommunestyret har vedteke årsbudsjett 2024 for Sykkylven kommune

Sykkylven kontrollutval 07.09.2023

Behandling

Kontrollutvalsekretæren gjekk gjennom budsjett-tala og svarte på spørsmål knytt til dei tala der grunnlaget er annleis enn i fjor.

Votering: Samrøystes vedteke

SYKU - 23/23 vedtak

Sykkylven kontrollutval tilrår ei samla budsjetttramme for kontrollarbeidet i 2024 på kr 1 496 000.

Kontrollutvalet føreset at utvalet vert gjort kjent med budsjetttramma for kontrollarbeidet, når kommunestyret har vedteke årsbudsjett 2024 for Sykkylven kommune

PS 24/23 Oppfølging av kontrollutvalet sine saker - oversikt per 01.09.2023

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande og ber sekretariatet informere nytt kontrollutval om dei saker som treng vidare oppfølging.

Sykkylven kontrollutval 07.09.2023

Behandling

SYKU - 24/23 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande og ber sekretariatet informere nytt kontrollutval om dei saker som treng vidare oppfølging.

PS 25/23 Evaluering av utvalsperioden og erfaringsoverføring til ny periode - Sykkylven kontrollutval

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet bed sekretariatet ta med dei erfaringer og innspel som er kome fram, og sørge for at det nye kontrollutvalet vert kjent med dei.

Sykkylven kontrollutval 07.09.2023

Behandling

Utvalet samtalte og delte erfaringar og synspunkt på arbeiddet i inneverande periode. Det monemt som kom fram vert tatt med i eit eige notat og lagt fram for utvalet for komande periode.

Votering: Samrøystes vedteke

SYKU - 25/23 vedtak

Kontrollutvalet bed sekretariatet ta med dei erfaringer og innspel som er kome fram, og sørge for at det nye kontrollutvalet vert kjent med dei.

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
PS 27/23	Sykkylven kontrollutval	30.11.2023

Arbeidet i kontrollutvalet Sykkylven kontrollutval

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek informasjonen om arbeidet i kontrollutvalet til vitande.

Saksframlegg:

Oppdraget:

Det er kommunelova som forankrar oppdraget til kontrollutvalet. Kommunestyret har det øvste ansvaret for å kontrollere kommunen si verksemd. Det er kommunestyret som sjølv vel eit kontrollutval som skal føre løpande kontroll på deira vegne.

Kontrollutvalet er avgjerande for å oppnå ein velfungerande eigenkontroll i den enkelte kommune.

Eigenkontroll:

Aktørane i eigenkontrollen er kommunestyret, kontrollutvalet saman med sekretariatet, kommunedirektøren og revisor. Ein god eigenkontroll krev samspel mellom desse. For at dette samspelet skal fungere, er det naudsynt at aktørane kjenner både si eiga og kvarandre sine roller.

Kommunal eigenkontroll er den kontrollen kommunen sjølv gjennomfører i eiga verksemd. Eigenkontroll er eit viktig element i det lokale folkestyret, og skal medverke til at kommunen når dei mål som er sette, innanfor rammene av gjeldande regelverk og tildelte ressursar. Bidra til å sikre effektiv og rett bruk av ressursane. Eigenkontrollen bidreg til å styrkje tilliten til forvaltninga gjennom førebygging, avdekking av mislege handlingar og andre uheldige tilhøve.

Rammer og ressursar:

Kontrollutvalet er kommunestyret sin reiskap, og kommunestyret må gje kontrollutvalet gode arbeidsvilkår.

Skal kontrollutvalet kunne fylla kontrollfunksjonen sin, er utvalet avhengig av støtte og tenester frå sekretariat og revisor. Sekretariatet er den viktigaste hjelparen og støttespelaren til kontrollutvalet. Sekretariatet skal sikre at saker som blir handsama av

kontrollutvalet, er forsvarleg utgreidde og førebudde. Revisjonen er ansvarleg for å gjennomføre pålagde kontrolloppgåver og revisjonar som kontrollutvalet bestiller. God kommunikasjon og samhandling mellom kontrollutval, sekretariat og revisor er ein føresetnad for at kontrollutvalet effektivt kan føre kontroll.

Sjølvtende:

Sjølvtende og objektivitet er viktige føresetnader for at kontrollutvalet skal fylle rolla si på ein tillitvekkjande måte. Kontrollutvalet skal ikkje vere ein arena for partipolitikk, omkampar eller overprøve politiske avgjerder. Det er kontrollperspektivet som skal leggje føringar for debatten i kontrollutvalet, og som skal gje utvalet gjennomslagskraft på tvers av partipolitiske skiljelinjer.

Kontrollverktøy:

Kontrollutvalet kan sjølv ta initiativ til å skape eit aktivt og engasjerande kontrollutvalsarbeid. Kontrollutvalet bør ha eit vake blick på verksemda til kommunen og setje viktige saker på dagsordenen ved hjelp av dei kontrollverktøy utvalet har til disposisjon.

Delar av av den kommunale tenesteproduksjonen blir organisert i interkommunale selskap, aksjeselskap eller andre sjølvstendige verksemdar. Dette kan skape utfordringar for demokratisk styring, innsyn og kontroll innad desse områda.

Kontrollutvalet kan gjennom eigarskapskontrollar gjere sitt for å auke openheita og innsynet i eigarskapsforvaltninga til kommunen.

På-sjå rolla:

Kontrollutvalet skal sjå til at rekneskapa til kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte, og at økonomien blir forvalta i samsvar med gjeldande føresegner og vedtak.

Revisjonsarbeidet skal gje tryggleik for at den økonomiske informasjonen frå kommunen er riktig. Rekneskapsrevisjon er viktig både for å forvise seg om at politiske prioriteringar blir sette i verk, og at vedtekne budsjetttrammer blir haldne. Revisjonen kan medverke til å forhindre og avdekkje feil og mislege handlingar, knytte til økonomien i kommunen.

Andre kontroll saker:

Kontrollutvalet kan ta opp saker på eige initiativ og få innspel og tips frå andre. Men det er berre kommunestyret som kan påleggje kontrollutvalet oppgåver.

Når det gjeld førespurnader frå andre partar, må kontrollutvalet sjølv vurdere om utvalet vil handsame førespurnaden eller ikkje.

Om kontrollutvalet skal handsame ei sak på bakgrunn av ein førespurnad eller eit tips, vil vere avhengig av om saka ligg innanfor mandatet til kontrollutvalet.

Til hjelp i ei slik vurdering kan utvalet støtte seg på ein trafikklysmoell som Forum for kontroll og tilsyn (FKT) har i sin «Veileder for håndtering av henvendinger». Denne trafikklysmoellen ligg ved saka her.

I si vurdering bør kontrollutvalet sjå på om saka representerer ein så høg risiko for manglande måloppnåing, regeletterleving eller vedtaksoppfølging at utvalet vil prioritere ressursar til å sette i gang ei kontrollhandling.

Læring og forbedring:

Læringseffekten av arbeidet til kontrollutvalet er avgjerande for at arbeidet skal medverke til betre måloppnåing i kommunen. Kontrollutvalet kan gjennom evaluering og oppfølging bidra til å betre både den kommunale forvaltninga og arbeidet i eige utval. Kontrollutvalet i forrige periode har evaluert og oppsummert nokre punkt som dei ynskjer at det nyvalde kontrollutvalet skal kjenne til. Det notatet ligg ved denne saka som vedlegg.

Til slutt:

Kontrollutvalsekretariatet vil i samråd med leiar gje ei munnleg orientering i møtet 30. november. Denne kan vere eit utgangspunkt for ein samtale om korleis dette utvalet ynskjer å sette sitt preg på kontrollarbeidet denne perioden

Vedlegg

Notat oppsummering av evaluering i Sykkylven kontrollutval 07.09.2023
Trafikklysmodellen frå FKT sin rettleiar

Samtale 07.09.2023 om perioden 2019-2023 i Sykkylven kontrollutval

Det var i forkant av dette møtet sendt ut ei kort spørjeundersøking til faste kontrollutvalsmedlemmer, ordførar, kommunedirektør og ass.kommunedirektør (økonomisjef), oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor, oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor og sekretariatet.

Spørsmåla var i stor grad henta frå [Kontrollutvalsboka](#).

- Korleis blir utvalet oppfatta av andre, som kommunestyret og administrasjon?
 - Relevant og godt
 - Utvalet har hatt gode diskusjonar, ikkje minst når revisjonsrapportar er lagt fram. Slike rapportar vert tekne på alvor.

- Er det klare nok roller og ansvarsdeling mellom kontrollutval, kommunestyre og administrasjon?
 - Litt usikker på det
 - Viktig at det med dei ulike rollene vert tatt med i folkevaltopplæringa.
 - kommunestyremedlemmer har kanskje hatt nokre spørsmål som leiar har svara ut langsmed

- Korleis fungerer kontrollutvalet si rapportering til kommunestyret, sett frå din ståstad?
 - Utvalet opplever at det fungerer godt
 - Opplever å få nok tid i kommunestyret.

- Korleis fungerer samhandlinga med sekretariatet og revisor?
 - Utvalet opplever at dei har god samhandling både med sekretariat og med revisjonen

- Blir kontrollutvalsmøta gjennomførte på ein effektiv og engasjerande måte?
 - Utvalet opplever at det har vore ein god tone i møta
 - Det har vore rom for å kome med dei innspel frå det enkelte medlem
 - Ingen spørsmål har vore dumme

- Tek utvalet opp dei rette sakene som kommunestyret sitt kontrollutval og kva saker meiner du manglar (som er innan for mandatet til utvalet)?
 - Utvalet opplever at dei har handsama dei sakene som utvalet skal handsame
 - Det har vore nokre henvendingar i perioden, men dei har vore utanfor mandatet til kontrollutvalet

- Andre innspel til forbetring for neste periode
 - Opplæring og meir kjennskap til ulike rettleiarar for kontrollutvalet
 - Bruke kontrollutvalsboka meir i møta
 - Invitere ordførar tidleg i perioden for ei forventningsavklaring
 - Kanskje ordførar kan møte i kontrollutvalet ein gang årleg t.d. når utvalet si årsmeldinga vert drøfta.

Sentrale spørsmål – «Trafikklysmodellen» Kryss på røde felt kan peke i retning av å ikke følge opp henvendelsen, mens kryss på grønne felt kan tale for å følge opp henvendelsen.	Ja	Delvis	Nei	Ukjent
Vedrører henvendelsen misnøye med et politiskfattet vedtak?	Red	Yellow	Green	Grey
Dreier henvendelsen seg om en klage på et enkeltvedtak som kommunen har fattet?	Red	Yellow	Green	Grey
Viser henvendelsen til lovbrudd, manglende etterlevelse av kommunale rutiner eller manglende oppfølging av kommunale vedtak?	Green	Yellow	Red	Grey
Viser henvendelsen til en risiko knyttet til system, rutiner, praksis i kommunen mer generelt innenfor et område?	Green	Yellow	Red	Grey
Dreier henvendelsen seg i hovedsak om en isolert hendelse?	Red	Yellow	Green	Grey
Er henvendelsen under annen behandling i et annet organ? (rettsapparat, sivilombud, statsforvalter, KOFA, klageorgan i kommunen, varslingskanal)?	Red	Yellow	Green	Grey
Er det annen naturlig behandlingsvei for henvendelsen (ref. organene nevnt over)?	Red	Yellow	Green	Grey
Kan henvendelsen, og henvendelsens oppmerksomhet, bidra til at det stilles spørsmål om tilliten til kommunens saksbehandling av en type saker?	Green	Yellow	Red	Grey
Berører henvendelsen et tema som kontrollutvalget allerede har vurdert som aktuelt for oppfølging i sin risiko- og vesentlighetsanalyse?	Green	Yellow	Red	Grey
Foreligger området som et tema i plan for forvaltningsrevisjon eller plan for eierskapskontroll?	Green	Yellow	Red	Grey
Kan en gjennomgang bidra til læring og forbedring?	Green	Yellow	Red	Grey
Bør henvendelsen prioriteres foran andre planlagte oppgaver?	Green	Yellow	Red	Grey

Tabell 1 Kilde: Deloitte AS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 28/23	Sykkylven kontrollutval	30.11.2023

Orienteringar

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

Underliggende saker

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
OS 01/23	Sykkylven kontrollutval	30.11.2023

Informasjon om revisjons- og kommunikasjonsplan 2023 Sykkylven kontrollutval

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Bakgrunn:

Revisor la fram sin revisjons- og kommunikasjonsplan for kontrollutvalet i september. Saksframlegget og planen vert lagt ved her.

Denne er det nyttig at det nyvalde kontrollutvalet kjenner til og revisor presenterer gjerne planen i møtet.

Vedlegg

Revisjon- og kommunikasjonsplan 2023 - Sykkylven kommune

Sak 22-23 Revisjons- og kommunikasjonsplan 2023 - Sykkylven kommune

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA



REVISJONSPLAN 2023

SYKKYLVEN KOMMUNE

Revisjon 2023

AUGUST 2023

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Møre og Romsdal Revisjon SA er et samvirkeforetak eid av kommunene Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven og Ålesund samt Møre og Romsdal fylkeskommune. Selskapet utfører regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og andre revisjonstjenester for eierne. Hovedkontoret ligger i Kristiansund og det er avdelingskontorer i Ålesund, Molde og Surnadal.

Ytterligere informasjon kan hentes på vår hjemmeside:

www.mrrevisjon.no

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

INNHOOLD

1.	INNLEDNING.....	4
1.1.	REVISJONSPLAN – TIDS OG KOMMUNIKASJONSPLAN.....	4
1.2.	REVISJONSTEAM 2023.....	6
1.3.	IDENTIFISERTE RISIKOER OG FORBEDRINGSFORSLAG 2022 – SYKKYLVEN KOMMUNE .	6
1.4.	FORELØPIG ANSLÅTT RISIKO – (FØR KONTROLLTESTING)	6
1.5.	FASTSETTELSE AV VESENTLIGHETSGRENSE	8
2.	REVISJONSTILNÆRMING - REVISJON 2023	9
2.1.	REGNSKAPSRAPPORTERING	9
2.2.	SALG.....	10
2.3.	INNKJØP.....	10
2.4.	INVESTERINGER	11
2.5.	LØNNKOSTNADER.....	11
2.6.	OVERFØRINGER	12

1. INNLEDNING

Formålet med regnskapsrevisjon i kommuner er å gjøre revisor i stand til å avgi en uttalelse om hvorvidt kommunens årsregnskap i det alt vesentlige er avlagt i samsvar med lov forskrift og god kommunal regnskapsskikk.

Vår revisjon av årsregnskapet skal bidra til økt tillit til den økonomiske informasjon som gis fra administrasjonen til kommunestyret og øvrige brukere av årsregnskapet. Revisjonen skal også medvirke til å forebygge og avdekke misligheter og feil.

Regnskapsrevisjon i kommunal sektor er nærmere regulert i kommunelovens kapittel 24. Revisor skal utføre regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eierskapskontroll og annen kontroll som er bestemt i lov eller i medhold av lov – herunder forenklet etterlevelseskontroll.

Revisor skal planlegge, gjennomføre, dokumentere og rapportere sitt arbeid i samsvar med lov og forskrift og god kommunal revisjonsskikk.

Videre skal revisor rapportere om sitt arbeid og resultatene av sin revisjon til kontrollutvalget.

I samsvar med kommuneloven og gjeldende revisjonsstandarder vil revisor avgi revisjonsberetning til årsregnskapet til kommunestyret med kopi til kontrollutvalget.

1.1. REVISJONSPLAN – TIDS OG KOMMUNIKASJONSPLAN

Regnskapsrevisjon kan inndeles i tre faser:

- Planleggingsfasen
- Gjennomføringsfasen
- Avslutningsfasen

Planleggingsfasen:

Foreløpig risikovurdering og identifisering av fokusområde

Fastsette vesentlighetsgrense

Gjennomgang av – og legge opp tidsplan for revisjon og rapportering

Fastsette revisjonsplan for fokusområdene

Risiko- og vesentlighetsvurdering legges fram for kontrollutvalget

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Gjennomføringsfasen:

Interimsrevisjon – Foreløpig analyse av kommunens regnskap

Møte med kommunens økonomi og regnskapsavdeling for å kartlegge samt løse identifiserte problemstillinger

Revisjon av nøkkelprosesser inkludert møter og intervju av nøkkelpersoner for identifiserte fokusområder

Påse at økonomisk internkontroll er ordnet på en betryggende måte

Test av relevante kontroller (herunder generelle IT-kontroller)

Gjennomføre øvrige relevante revisjonshandlinger (fokus på transaksjonsklasser)

Årsoppgjørrevisjon

Ferdigstille eventuelle åpne spørsmål identifisert under interimsrevisjonen

Påse at det ikke foreligger endringer i kommunens intern kontroll, der hvor disse er relevante for revisjonen

Gjennomføre øvrige relevante revisjonshandlinger, herunder avstemming av vesentlige og risikoutsatte balanseposter – vurdere om registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger er i samsvar med lov og forskrift

Avsluttende analyse av kommunens finansielle rapportering

Påse at årsregnskap og noter er avlagt i samsvar med lov og forskrift

Gjennomgang av årsmelding – inneholder den opplysninger som lov og forskrift krever og er opplysningene om økonomi i årsberetningen i tråd med årsregnskapet

Avslutningsfasen:

Konklusjon på resultat av utført arbeid

Rapportering til ledelsen og gjennomgang med sekretariatet

Rapportering til ledelse og kontrollutvalg

Kommunikasjon

PBC-lister (årsoppgjør) / oversikt avtaler (interim)

Revisjonsberetning og revisjonsrapporter

Møter med kontrollutvalg

Løpende uformell kommunikasjon ved behov

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

	mar 22	apr 22	mai 22	jun 22	jul 22	aug 22	sep 22	okt 22	nov 22	des 22	jan 23	feb 23	mar 23	apr 23
Planlegging														
Interimsrevisjon														
Årsoppgjørrevisjon														
Kommunikasjon														
Møte med kontrollutvalget							19.		27.					

1.2. REVISJONSTEAM 2023

Kathrin Haram	Oppdragsansvarlig og statsautorisert revisor
Anne Grete Solheim Sjørgård Linn Gunhild Pettersen	Team-manager og statsautorisert revisor
Randi Kalvatsvik	Regnskapsrevisor
Kurt Anders Løvoll	Forvaltningsrevisor

1.3. IDENTIFISERTE RISIKOER OG FORBEDRINGSFORSLAG 2022 – SYKKYLVEN KOMMUNE

Lønnsområdet:

- Ved etterkontroll av lønn bør dokumentasjon arkiveres.

Overføringsområdet:

- Forbedre rutiner og dokumentasjon av attestasjoner

Finansområdet:

- Det bør innføres dobbelsignatur ved utbetaling bank

Regnskapsrapportering:

- Bevilgningsoversikt investering bør i budsjettoppsettet følge oppsettet i Budsjett og regnskapsforskriften § 5-5

1.4. FORELØPIG ANSLÅTT RISIKO – (FØR KONTROLLTESTING)

Revisor utfører risikoanalyser av kommunen for å kartlegge eventuelle områder hvor det kan foreligge risiko som medfører vesentlige feil i regnskapet.

Risikoanalyse:

- Hva kan gå galt
- Hvor sannsynlig er det at noe går galt og
- Hva er konsekvensen hvis det skulle gå galt

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Gjennom risikoanalysen vurderes risiko på ulike områder, og resultatet av analysene avgjør omfanget av – og valget av aktuelle revisjonshandlinger.

Regnskapsrapportering – middels anslått risiko:

Kommunestyret har et ansvar for at økonomi og handlingsrom skal være forsvarlig over tid. Det er dermed fastsatt finansielle måltall som skal sikre at kommunen skal ha økonomisk handleevne over tid.

Kommunens langsiktige finansielle måltall for 2022:

- Netto driftsresultat skal over tid utgjøre minimum 1,75% av brutto driftsinntekter – i 2022 utgjorde dette 2,3 %
- Disposisjonsfondet skal minimum utgjøre 10% av brutto driftsinntekter, i 2022 utgjør dette 5,8%
- Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter skal ned på dagens nivå (under 130% innen 2030 og 100% innen 2035). For 2022 utgjorde denne 114,4%.

Kommunen er dermed på rett vei for å nå disse målene, men ligger noe under hva gjelder disposisjonsfondet. Disposisjonsfondet økte imidlertid med ca. 14,9 mill i 2022. Sykkylven kommune har fortsatt høy lånegjeld, men er innenfor kommunens måltall.

Det vil alltid være risiko for feil i forbindelse med utarbeidelsen av regnskapet, flere manuelle posteringer og lite rutinemessig arbeid. Konsolidert regnskap øker også risikoen med egne retningslinjer og regelverk.

Salgsområdet – lav anslått risiko:

Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Noe risiko ligger likevel i anslagsposter/periodiseringer og høyt transaksjonsvolum.

Innkjøpsområdet – lav anslått risiko:

Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Tvungen attestasjon og anvisningsrutine for inngående faktura, men faktura behandles på mange ulike enheter med varierende forståelse av kontrollrutinen. Periodiseringsproblematikk trekker risikoen noe opp.

Investeringsområdet – middels anslått risiko:

Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Tvungen attestasjon og anvisningsrutine for inngående faktura. Komplisert regelverk, lov om offentlige anskaffelser og skjønsmessige vurderinger knyttet til skille drift/ investering, samt vurdering av levetid på anleggsmidlene, øker risiko for vesentlige feil.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Lønnsområdet – lav anslått risiko:








Rutinemessig månedlige beløp for fast lønn. Noe mer komplekst (forsystem, manuelle grunnlag etc.) for variabel lønn. Gode rutiner, medarbeidere med lang erfaring og få feil avdekket, trekker risikoen ned.

Overføringsområdet – lav anslått risiko:

Overføringsinntekter består hovedsakelig av overføringer fra staten og kan total avstemmes mot ekstern dokumentasjon. Overføringsutgifter kontrolleres i stor grad mot vedtak og/eller budsjett, samt analytisk vurdering.

Finansområdet – middels anslått risiko:

Finansområdet er et komplekst område sammensatt av mange transaksjonsklasser med ulik risikovurdering. Finansområdet består av likvide midler, lån og minimumsavdrag, fond/egenkapital, aksjer og finansielle plasseringer. Komplekst regelverk, vesentlige beløp, skjønnsmessige vurderinger samt ulike vurderingskriterier trekker risikoen noe opp.

Prosesser	Foreløpig anslått risiko for vesentlig feil informasjon
Regnskapsrapportering	 Middels
Overføringsområdet	 Lav
Lønnsområdet	 Lav
Innkjøpsområdet	 Lav
Driftsmiddelområdet	 Middels
Finansområdet	 Middels
<u>Salasområdet</u>	 Lav

1.5. FASTSETTELSE AV VESENTLIGHETSGRENSE

Regnskapsrevisjon har som utgangspunkt å forhindre at regnskapet inneholder vesentlige feil. Revisjonen må dermed gjøre seg opp en mening om hva som er en vesentlig feil.

Vesentlighetsgrensen brukes et kriterium for revisjonsplanlegging, testing og rapportering.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Vesentlighetsgrensen fastsettes med utgangspunkt i ett eller flere referanseverdier i regnskapet som antas å ha betydning for brukerne av regnskapet. Profesjonelt skjønn blir også vurdert i denne forbindelsen.

Vesentlighetsgrensen for 2023 blir beregnet på grunnlag av avlagt regnskap 2022 og budsjett 2023.

2. REVISJONSTILNÆRMING - REVISJON 2023

2.1. REGNSKAPSRAPPORTERING

Regnskapsrapportering	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger
Risiko knyttet til: <ul style="list-style-type: none">• Økonomisk handlingsrom (gjeldsgrad)• Kvartalsrapportering og offisielt regnskap• Årsoppgjørdisponeringer/avslutning og strykninger• Bruk av fond• Budsjettjustering og budsjettavvik• Generelle IT-kontroller	<u>Test av kontroller (interim):</u> <ul style="list-style-type: none">• Test av ledelseskontroller: Kvartalsrapportering til kommunestyret• Budsjettoppfølging <u>Substanshandlinger:</u> <ul style="list-style-type: none">• Kontroll av årsoppgjørdisponeringer• Regnskapoversikter henger sammen• Nødvendige noteopplysninger er utarbeidet• Tilgangskontroll IT• Avstemming av kretsløp er foretatt (Egenkapital, arbeidskapital og anleggsmidler/langsiktig gjeld)• Budsjettkontroll• Kontroll av årsmeldingen – inkl. vurdering av budsjettavvik og premissavvik• Avsluttende analytiske kontroll

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

2.2. SALG

Salgsområdet	Angrepsvinkel: Substanshandlinger
Risiko knyttet til: <ul style="list-style-type: none">• Salgs- og leieinntekter (drift)• Kundefordringer (bal)• Andre kortsiktige fordringer (bal)• Ordinær merverdiavgift• Selvkost	Substanshandlinger: <ul style="list-style-type: none">• Analytisk kontroll og detaljtester• Selvkost• Periodiseringskontroll• Aldersfordelt reskontro kundefordringer/andre kortsiktige fordringer (vurdere tapsavsetning, innbetalingskontroll, eksterne bekreftelser)• Totalavstemming av ordinær merverdiavgift

2.3. INNKJØP

Innkjøps/ kostnadsområdet	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger
Risiko knyttet til: <ul style="list-style-type: none">• Kjøp av varer og tjenester (drift)• Momskompensasjon• Leverandørgjeld (bal)• Annen kortsiktig gjeld (bal)	Test av kontroller (interim): <ul style="list-style-type: none">• Kontroll av attestasjon og anvisning Substanshandlinger: <ul style="list-style-type: none">• Analytiske kontroller• Løpende bilagskontroll i forbindelse med attestasjon på kompensasjonsoppgavene.• Periodisering (herunder etterberegning av anslagsposter)• Avstemme leverandørgjeld mot reskontro, betalingskontroll av vesentlige gjeldsposter• Kontrollere dokumentasjon for avsetning av annen kortsiktig gjeld

2.4. INVESTERINGER

Driftsmidler/investeringer	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger
Risiko knyttet til: <ul style="list-style-type: none"> • Investeringer i varige driftsmidler (inv) • Salg av varige driftsmidler (inv) • Avskrivninger/motpost avskrivninger (drift) • Bruk av lån/lovlig finansiering (inv) • Skille mellom drift og investering 	<u>Test av kontroller (interim):</u> <ul style="list-style-type: none"> • Kontroll av attestasjon og anvisning <u>Substanshandlinger:</u> <ul style="list-style-type: none"> • Oppfølging av de største investeringsprosjektene • Avstemme anleggskartotek mot hovedbok • Vurdering av levetid/avskrivningstid • Vurdere vesentlige tilganger opp mot KRS 4 (skille drift/investering - interim) • Løpende bilagskontroll i forbindelse med attestasjon på kompensasjonsoppgavene (samt attestasjon prosjektrekskap)

2.5. LØNSSKOSTNADER

Lønnsområdet	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger
Risiko knyttet til: <ul style="list-style-type: none"> • Lønnskostnader • Sosiale kostnader • Pensjon 	<u>Test av kontroller (interim):</u> <ul style="list-style-type: none"> • Attestasjon og anvisning av timer • Attestasjon og anvisning av reiseregninger – herunder manuelle reiseregninger/utgifts refusjoner <u>Substanshandlinger:</u> <ul style="list-style-type: none"> • Analytiske kontroller • Gjennomgang av kontrolloppstilling og øvrige innberetninger og avstemminger på lønnsområdet – herunder feriepenge, skattetrekk, arbeidsgiveravgift og sykepengerrefusjoner

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

	<ul style="list-style-type: none">• Gjennomgang av pensjonskostnad med tilhørende balanseposter• Krav på sykelønnsrefusjon - avstemming mellom HRM og regnskapssystem
--	--

2.6. OVERFØRINGER

Overføringsområdet	Angrepvinkel: Substanshandlinger
<p>Risiko knyttet til:</p> <p><u>Overføringsinntekter:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• Rammetilskudd (drift)• Inntekts- og formuesskatt (drift)• Eiendomsskatt (drift)• Andre skatteinntekter (drift)• Andre overføringer og tilskudd fra staten (drift)• Overføring og tilskudd fra andre (drift)• Tilskudd fra andre (inv) <p><u>Overføringsutgifter:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• Overføring og tilskudd til andre (drift)• Tilskudd til andres investeringer (inv)	<p><u>Substanshandlinger:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• Totalavstemming av rammetilskudd og inntekts- og formuesskatt• Analytisk kontroll av eiendomsskatt• Substanskontroll på andre overføringsinntekter• Analyser/detaljtester av overføringsutgifter• Særattestasjoner på enkelte tilskudd• Kontroll om tilsagn ligger ved• Kontroll at vedtak ligger ved

2.7. FINANSOMRÅDET

Finansområdet (res)	Finansområdet (bal)	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger
<p>Risiko</p> <p>transaksjonsklasser:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Renteinntekter og renteutgifter (drift) • Avdrag på lån (drift) • Utbytter (drift) • Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler (drift) • Investering i aksjer og andeler (inv) • Salg av finansielle anleggsmidler (inv) • Utlån av egne midler (inv) • Avdrag på lån (inv) • Utdeling fra selskaper (inv) 	<p>Risiko balanseposter:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bankinnskudd og kontanter • Aksjer og andeler • Andre finansielle plasseringer • Fond • Kapitalkonto • Gjeld til kredittinstitusjoner • Annen gjeld (obligasjons- og sertifikatlån) • Utlån • Ubrukte lånemidler 	<p>Test av kontroller (interim):</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bankavstemming • Finansrapportering <p>Substanshandlinger:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Påse at balanse- og resultatposter stemmer med eksterne bekreftelser (innskudd, rente, lån, utlån, aksjer, utbytte, etc.) Vurdere verdsettelse, klassifisering og avkastning. • Kontrollere vesentlige tilganger/avganger av aksjer • Etterberegning av minimumsavdrag • Påse at kretsløpavstemmingene henger sammen (herunder kapitalkonto) • Kontrollere vesentlige bevegelser på fondskonti • Etterlevelse av finansreglementet

Møre og Romsdal Revisjon SA

Hovedkontor: Kristiansund

Avdelingskontor: Ålesund, Molde, Surnadal

Eiere:

Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll,
Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes,
Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven og Ålesund.

Møre og Romsdal fylkeskommune.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 22/23	Sykkylven kontrollutval	07.09.2023

Revisjons- og kommunikasjonsplan 2023 - Sykkylven kommune

Sekretariatet si tilråding:

Sykkylven kontrollutval tek framlagte revisjons- og kommunikasjonsplan 2023 til vitande.

Sykkylven kontrollutval 07.09.2023

Behandling

Revisor gjekk kort gjennom planen. Denne planen må det nye kontrollutvalet også gjerast kjent med, fordi det er dei som skal følgje opp det påsjå-ansvaret som kontrollutvalet har.
Votering: Samrøystes vedteke

SYKU - 22/23 Vedtak

Sykkylven kontrollutval tek framlagte revisjons- og kommunikasjonsplan 2023 til vitande.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte. Utvalet er difor avhengig av at revisor i tilstrekkeleg grad rapporterer til utvalet om revisjonsarbeidet. At kontrollutvalet og revisor har ein god dialog og ei felles forståing av oppgåvene, er viktige føresetnader for å skape tryggleik for at revisjonsarbeidet blir forsvarleg utført.

Kontrollutvalet fyller sitt ansvar med å sjå til at revisjonen blir utført på ein forsvarleg måte, ved å gjennomføre aktivitetar knytt til oppfølging av revisjon og revisjonsarbeidet.

Dette kan omfatte:

- revisor si erklæring om sjølvstende
- kvalitetskontroll hjå revisor
- avtaler mellom kontrollutval og revisor
- engasjementsbrev for revisjonsoppdraget
- strategi og plan for revisjonsarbeidet med risikovurderingar
- revisjonsrapportar (interim og etterlevingskontroll)
- nummererte brev

Departementet seier i Kontrollutvalsboka (s. 71) at godt samspel mellom revisor, kontrollutval og administrasjon er sentralt for å leggje til rette for ein effektiv og tillitsvekkjande revisjon. Det må vere ein løpande dialog mellom revisjonen og kontrollutvalet, og med administrasjonen.

Vurdering:

Det er eit krav at revisor skal utarbeide ein plan for korleis revisjonen skal gjennomførast. Denne planen byggjer på ein overordna revisjonsstrategi som skildrar føremål og omfang på revisjonen, når revisjonen skal utførast og kva angrepsvinkel denne skal ha. Oppfølging av dei utfordringar ein såg ved årsrevisjonen sist, er tatt høgde for i denne planen.

Revisjonsplanen og -strategien byggjer på ei risiko- og vesentlegvurdering. Det er mange forhold som inngår i denne vurderinga, mellom anna endringar i oppgåver, tenester og organisering i kommunen, samt om eit område har blitt revidert tidlegare år.

Revisor gjennomfører eit oppstartsmøte for revisjonsarbeidet for rekneskapsåret 2023 i lag med administrasjonen. Revisor vil i kontrollutvalet sitt møte gje ei orientering som omfattar informasjon om revisjonsstrategi, plan for revisjonsarbeidet og dei risikovurderingane denne byggjer på.

Revisjonsplanen vil vere eit naturleg grunnlag for kontrollutvalet si oppfølging vidare i ny periode og den vil bli lagt fram for nytt kontrollutval til informasjon, på eit av dei første møta.

Vedlegg

Revisjon- og kommunikasjonsplan 2023 - Sykkylven kommune

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
PS 29/23	Sykkylven kontrollutval	30.11.2023

Engasjementsbrev frå revisor 2023-2027 Sykkylven kommune

Sekretariatet si tilråding:

Sykkylven kontrollutval har 19. oktober 2023 motteke engasjementsbrev frå Møre og Romsdal Revisjon SA.

Kontrollutvalet tek engasjementsbrevet til vitande og ber om at dei følgjande punkta vert tatt med vidare:

- at dokumentasjon på ekstern kvalitetskontroll av Møre og Romsdal Revisjon SA og rapportar frå desse kontrollane vert gjort kjent for kontrollutvalet.
- Dersom revisor gjev andre revisjonsbekreftingar på førespurnad frå kommunen, så vert kontrollutvalet informert om det.
- Kontrollutvalet ynskjer å vere kopimottakar på oppstartsbrev som vert sendt i samband med revisjonsoppdraga.

Kontrollutvalet ber sekretariatet følgje opp at framtidige engasjementsbrev vert oppdatert med desse punkta.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet skal, på vegne av kommunestyret, sjå til at kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte og at det vert ført kontroll med at økonomiforvaltninga går rett føre. Dette er ein del av kontrollutvalet sitt påsjår-ansvar.

Ei anna side ved kontrollutvalet sitt ansvar, er å sjå til (påsja) at det vert utført forvaltningsrevisjon av kommunal verksemd, og selskap kommunen har eigarinteresser i. Og at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap (eigarskapskontroll).

Møre og Romsdal Revisjon SA har utarbeidd eit engasjementsbrev som greier ut revisjonsoppdraget. Det vert utarbeida eit slikt brev ved starten av kvar valperiode, men det kan gjerast oftare om det er noko som tilseier det.

Når engasjementsbrevet kjem så er det eit av høva kontrollutvalet har for å sjå til at revisjonen går føre seg i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk. Engasjementsbrevet skal bidra til å sikre ei felles forståing for arbeidsoppgåver og ansvarsdeling, slik at kontrollutvalet kan få ei oppfatning av rollefordeling og kva forventningar de kan ha til revisor.

Gjennom ulike handlingar, må kontrollutvalet danne seg ei oppfatning av om kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. For å kunne utføre dette kontrollansvaret, vil kontrollutvalet ha behov for løpande informasjon om revisor sitt arbeid.

Vurdering:

I engasjementsbrevet viser revisor korleis dei oppfattar innhaldet i revisjonsoppdraget sitt, og kva dei forventar av kommuneadministrasjonen og av kontrollutvalet. Kontrollutvalet har ikkje høve til å innsnevre dei pålagte oppgåver som revisjonen har gjennom lov, forskrift og standad, men det kan avtalast tilleggsoppgåver og nærare informasjon om til dømes rapportering.

Revisor har plikt til å vurdere sitt sjølvstende (uavhengighet) årleg, og kontrollutvalet fekk denne erklæringa datert 16. august 2023, førelagt på møtet i september.

Kommunedirektøren sitt ansvar knytt til internkontroll, økonomiforvaltning, årsrekneskap og årsmelding er omtalt i engasjementsbrevet, og det ansvaret kommunedirektøren har for å gje revisor uavgrensa tilgang til det revisor treng for å utføre oppdraget.

Når det gjeld forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll så vert dette utført på bestilling frå kontrollutvalet for kvart enkel oppdrag. Revisor har ikkje spesifikt omtalt rapporteringsrutiner knytt til desse i engasjementsbrevet, men det avtaler kontrollutvalet særskilt når prosjektplan for den enkelte forvaltningsrevisjonen vert lagt fram.

Rekneskapsrevisjon er eit oppdrag som er løpande og der revisor skal rapportere sitt arbeid til kontrollutvalet. Revisor legg fram ein revisjons- og kommunikasjonsplan for kontrollutvalet tidleg på hausten. Kontrollutvalet fekk denne til behandling i september og den vert lagt fram for nytt utval til informasjon, i første møte.

I engasjementsbrevet har revisor med eit punkt om mislege handlingar (misligheter). Prosessen frå revisor får kjennskap til mislege handlingar eller mistanke om slike handlingar, er nøye omtalt i kommunelova og revisor viser til dette. Det som ikkje er omtalt er kor tidleg revisor skal koblast på når det er kommunedirektøren som oppdagar mislege handlingar eller får mistanke om slike. Det er avgjerande at kommunedirektør og revisor har avtalt ein god praksis seg i mellom, for å oppnå at revisor vert informert i tråd med regelverket.

Sekretariatet rår kontrollutvalet til å vurdere om de skal be om å få lagt til nokre rapporteringspunkt. Og at det vert praktisert frå no og kjem med i framtidige engasjementsbrev.

Revisjonen seier at dei jevnleg er gjenstand for ekstern kvalitetskontroll. Dokumentasjon eller rapportar frå slike kontrollar bør kontrollutvalet få seg førelagt. Det kan kontrollutvalet be om å få med ei setning om i engasjementsbrevet.

Revisor omtaler andre bekreftingar som revisjonen i samsvar med lov og god revisjonsskikk skal gje. Kontrollutvalet bør be om å verta halden informert, når revisor tek på seg andre revisjonsbekreftingar på førespurnad. Og få informasjon om dette er oppdrag som er tenkt fakturert innan kontrollutvalet si budsjetttramme for rekneskapsrevisjon eller ikkje.

Når det gjeld rapportering og dialog så er det meste tatt i vare gjennom revisjons- og kommunikasjonsplanen.

Men når det gjeld oppstartsbrevet til kommunedirektøren før start av revisjonsoppdraget, så bør kontrollutvalet til å be om at kontrollutvalet er kopimottakar for å halde seg informert.

Vedlegg

Engasjementsbrev Møre og Romsdal Revisjon SA 2023

Til kontrollutvalget i Sykkylven kommune

Ålesund, 19. oktober 2023

ENGASJEMENTSBREV – Sykkylven kommune

Innledning

Møre og Romsdal Revisjon SA er valgt revisor for Sykkylven kommune. Revisjonen består av regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eierskapskontroll og annen kontroll som er bestemt i lov eller i medhold av lov og andre uttalelser og kontrollhandlinger, og omfatter revisjonen av kommuneregnskapet.

Med utgangspunkt i de revisjonsbestemmelsene som gjelder for kommuner og fylkeskommuner, herunder standarder for god kommunal revisjonsskikk, vil vi i dette brevet beskrive vår forståelse av revisjonsoppdraget, slik at utvalget får en oppfatning av rollefordeling og hva som kan forventes av oss.

De økonomiske forhold mellom revisjonen og kontrollutvalget som oppdragsgiver følger av selskapets årsmøtevedtak om kostnadsfordeling.

Revisjonen – formål og innhold

Revisor skal utføre regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eierskapskontroll og annen kontroll som er bestemt i lov eller i medhold av lov, jf. kommuneloven § 24-2. Revisjon av kommunal og fylkeskommunal virksomhet skal skje i henhold til god kommunal revisjonsskikk.

Vi vil gjennomføre og rapportere resultatene av vår revisjon i henhold til god kommunal revisjonsskikk, som er en rettslig standard. Innholdet i dette begrepet er normert av kommunelovens bestemmelser om revisjon, tilhørende forskrifter og etablerte og anerkjente standarder på området. Som medlem av NKRF – kontroll og revisjon i kommunene er vi underlagt jevnlike eksterne kvalitetskontroller.

Revisor har plikt til løpende å foreta en vurdering av egen uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget i samsvar med forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 19.

Ledelsenes ansvar

I henhold til kommuneloven er kommunedirektøren ansvarlig for at kommunens interne kontroll sikrer at lover og forskrifter følges, herunder at økonomiforvaltningen er ordnet på en betryggende måte. Det er også kommunedirektørens ansvar å utarbeide og fremme kommunens årsberetning og avlegge årsregnskapet i samsvar med bestemmelsene i kommuneloven, forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv. og god kommunal regnskapsskikk.

Kommunens ledelse har også ansvaret for at vi som revisor har ubegrenset tilgang til registrerte opplysninger, dokumentasjon og annen informasjon vi finner nødvendig for å kunne utføre vårt arbeid, herunder korrespondanse, kontrakter, protokoller mv. Dette inkluderer også tilgang til systembeskrivelser og nødvendig veiledning.

Kommunestyret og kontrollutvalgets ansvar

Kommunestyret er kommunens øverste organ, og har det øverste ansvaret for å kontrollere den kommunale forvaltning. Kommunestyret velger selv et kontrollutvalg til å forestå løpende kontroll med den kommunale forvaltning på sine vegne. Kontrollutvalget skal påse at kommunens regnskap blir forsvarlig revidert. Videre skal kontrollutvalget påse at det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens virksomhet og av selskaper kommunen har eierinteresser i. Kontrollutvalget skal også påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eierinteresser i selskaper (eierskapskontroll).

Forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak, kommuneloven § 23-3.

Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring, jf. kommuneloven § 23-4.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide planer som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller. Planene skal baseres på en risikovurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper og av kommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll.

Planene skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen. Kontrollutvalget bestiller forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller basert på plan vedtatt av kommunestyret.

Innenfor forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll er det NKRF som er det standardsettende organ. Grunnlaget og bakgrunnen for den enkelte forvaltningsrevisjon/eierskapskontroll vil være beskrevet ved planlegging og rapportering av hvert oppdrag, slik at denne oppgaven ikke blir beskrevet ytterligere i dette brevet. Se for øvrig nærmere om rapportering under eget avsnitt.

Oppdragsansvarlig revisor utpekes av revisjonsenheten til hvert oppdrag i forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll.

Regnskapsrevisjon

Årsregnskapet og de aktuelle delene av årsberetningen

I regnskapsrevisjonen er vår hovedoppgave å kontrollere om årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon og å avgi en uavhengig uttalelse (revisjonsberetning) om at revisor har betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon og at det er avgitt i samsvar med lov og forskrifter. I tillegg kontrollerer vi om den revisjonspliktiges ledelse har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger.

Vi kontrollerer om årsberetningen inneholder de opplysningene som lov og forskrift krever, og om opplysningene om økonomi i årsberetningen stemmer overens med årsregnskapet. Vi ser også etter om årsberetningen gir dekkende opplysninger om vesentlige beløpsmessige avvik fra årsbudsjettet og om vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene er dekkende beskrevet i årsberetningen.

Årsregnskapet skal iht. kommuneloven § 14-6 være avlagt av kommunedirektøren innen 22. februar i året etter regnskapsåret. Årsberetningen skal avgis senest 31. mars.

Videre er det vår oppgave å se etter at kommunen har ordnet den økonomiske internkontrollen på en betryggende måte og med forsvarlig kontroll.

Revisjonens utførelse og forholdet til intern kontroll

God kommunal revisjonsskikk innebærer blant annet at vi kontrollerer utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, foretar analytiske vurderinger og andre revisjonshandlinger som vi etter forholdene finner hensiktsmessige.

På grunn av en revisjons iboende begrensninger, sammen med den interne kontrollens iboende begrensninger, er det alltid risiko for at ikke all vesentlig feilinformasjon i regnskapet avdekkes, selv om revisjonen er planlagt og utført i samsvar med god kommunal revisjonsskikk, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Ved vår risikovurdering vurderer vi de interne kontrollene som er relevant for kommunens eller enhetens utarbeidelse av årsregnskapet med det formål å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for effektiviteten av enhetens interne kontroll.

Generelt vil en effektiv intern kontroll redusere risikoen for at misligheter og feil vil oppstå uten å bli avdekket, men vil aldri kunne eliminere denne risikoen. Omfanget av vårt revisjonsarbeid påvirkes av kvaliteten på, og effektiviteten av kommunens interne kontroll, samt regnskaps- og rapporteringsrutiner. Vi vil rapportere skriftlig om eventuelle vesentlige mangler i den interne kontrollen som vi har identifisert under revisjonen, se nærmere om dette under avsnittet rapportering.

Registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger

Når vi konkluderer om registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger i revisjonsberetningen, vil revisjonen være utført i samsvar med den internasjonale standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon». De valgte kontrollhandlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for vesentlige mangler.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Ved vurderingen av ledelsens plikter med hensyn til registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger, innhenter revisor informasjon om kommunens interne rutiner for å vurdere samsvaret med lov, forskrift og god bokføringsskikk, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av kommunens interne kontroll.

Forenklet etterlevelsesk kontroll med økonomiforvaltningen

I samsvar med kommuneloven § 24-9 er det vår oppgave å se etter om kommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak. Kontrollen skal i utgangspunktet gjennomføres med begrensede ressurser og baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering som legges fram for kontrollutvalget. Resultatet av kontrollen rapporteres i en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget som avgis senest 30. juni.

Kontrollen utføres i samsvar med standarden RSK 301 «Forenklet etterlevelsesk kontroll med økonomiforvaltningen». Standarden krever at vi etterlever etiske krav, planlegger og gjennomfører vårt arbeid for å oppnå moderat sikkerhet i uttalelsen om etterlevelse på det området som velges for kontroll.

Moderat sikkert innebærer en lavere sikkerhet enn betryggende sikkerhet, men skal gi brukerne en klart økt tillit til informasjonen eller forholdet som er kontrollert. Vi gjennomfører handlinger som forespørsler, inspeksjon av dokumenter og analytiske handlinger for å oppnå moderat sikkerhet. I uttalelsen gir vi uttrykk for om vi har blitt oppmerksomme på forhold som gir grunn til å tro at økonomiforvaltningen på det aktuelle området ikke følger sentrale bestemmelser og vedtak.

Misligheter

Revisor bidrar gjennom revisjonen til å forebygge og avdekke misligheter og feil. Hvis revisor avdekker eller på annen måte blir kjent med misligheter, skal revisor straks melde fra om det til kontrollutvalget i nummerert brev, dette fremkommer i kommuneloven § 24-7.

Når saksforholdet er nærmere klarlagt, skal revisor sende nytt brev til kontrollutvalget. Revisor skal sende kopi av brevet til kommunedirektøren.

Andre bekreftelser enn revisjonsberetningen som inngår i oppdraget

Vi vil avgi følgende revisorbekreftelser mv. i samsvar med lov og god kommunal revisjonsskikk:

- Underskrift på kontrolloppstilling over bokførte og innberettede beløp (skatteforvaltningsforskriften § 7-2-11).
- Kompensasjonsmelding for merverdiavgift
- Bekreftelser på prosjektregnskap
- Kommunens rapportering av antall personer med psykisk utviklingshemming
- Refusjonskrav for utgifter til særlig ressurskrevende helse- og omsorgstjenester
- Andre revisjonsbekreftelser etter forespørsel fra kommunen

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Innsynsrett og taushetsplikt

Revisor kan kreve enhver opplysning, redegjørelse eller ethvert dokument hos kommunen og foreta de undersøkelser som revisor finner nødvendige for å gjennomføre oppgavene.

Både oppdragsansvarlig revisor og revisjonsmedarbeiderne har taushetsplikt etter forvaltningsloven §§ 13 til 13e. Dette følger av kommunelovens § 24-2 femte ledd. Det er gjort unntak fra taushetsplikten for rapportering av mulige straffbare handlinger, herunder ivaretagelse av rapporteringsplikt etter hvitvaskingsloven. Taushetsplikten gjelder ubegrenset i tid, også etter at oppdraget er avsluttet.

Taushetsplikten er dog ikke til hinder for at kontrollutvalget får den informasjon om resultater av revisjonen som er nødvendige.

Våre leverandører av IKT-tjenester og -programvare får tilgang til fortrolig informasjon når det er nødvendig i forbindelse med drift av og endringer i våre informasjonssystemer. Vi har ansvar for å ha et forsvarlig system for informasjonssikring. Dette omfatter også våre leverandører av IKT-tjenester.

Personvern

For å gjennomføre revisjonen og andre oppdrag under dette engasjementsbrevet, vil vi behandle personopplysninger slik det er beskrevet i vår personvernerklæring. Personvernerklæringen er tilgjengelig på vår [nettside](#). Vi er behandlingsansvarlig etter personvernreglene for de personopplysningene vi behandler i forbindelse med oppdraget og vi inngår derfor ikke en databehandleravtale.

Rapportering og dialog

Engasjementsbrev for revisjonsoppdraget utarbeides for hver valgperiode eller oftere dersom det er forhold som tilsier det.

Revisjonen utarbeider kommunikasjons- og revisjonsplan årlig i forbindelse med oppstart av regnskapsrevisjonen. Det blir utarbeidet et oppstartsbrev ved oppstart av det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjektet og eierskapskontrollen. Oppstartbrevene sendes administrasjonen.

Revisjonen rapporterer forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller til kontrollutvalget i egne rapporter.

Regnskapsrevisjonen rapporteres slik til kontrollutvalget:

1. Presentasjon av interimrapport
2. Presentasjon av årsoppgjørrevisjon
3. Revisjonsberetning
4. Nummererte brev (se eget avsnitt)
5. Presentasjon av risiko- og vesentlighetsvurdering for forenklet etterlevelseskontroll
6. Skriftlig uttalelse om forenklet etterlevelseskontroll

Vi legger vekt på å ha en god dialog med kontrollutvalget.

MRR

Møre og Romsdøl Revisjon SA

Nummererte brev

Vi kan gjennom regnskapsrevisjonen finne forhold som ikke blir påpekt i revisjonsberetningen, men som vi finner det nødvendig å påpeke i nummerert brev. Slike nummererte brev vil bli sendt til kontrollutvalget med kopi til kommunedirektøren. Kontrollutvalget har et ansvar for å påse at forhold som er påpekt av revisor blir fulgt opp.

I henhold til kommuneloven § 24-7 skal revisor påpeke følgende forhold i nummererte brev:

- a. vesentlige feil som kan føre til at årsregnskapet ikke gir riktig informasjon
- b. vesentlige mangler ved registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger
- c. vesentlige mangler ved den økonomiske internkontrollen
- d. manglende eller mangelfull redegjørelse i årsberetningen for vesentlige budsjettavvik
- e. enhver mislighet
- f. hvorfor han eller hun ikke har skrevet under på oppgaver som kommunen eller fylkeskommunen skal sende til offentlige myndigheter, og som revisor etter lov eller forskrift skal bekrefte
- g. hvorfor han eller hun sier fra seg revisjonsoppdraget.

Revisor skal årlig gi en skriftlig oppsummering til kontrollutvalget om forhold som er tatt opp i nummererte brev, men som ikke er rettet opp eller som ikke er tilstrekkelig fulgt opp.

Mindre vesentlige feil eller mangler vil bli kommunisert direkte til administrasjonen.

Uttalelser fra kommunens ledelse

I forbindelse med gjennomføring av våre oppdrag vil vi i henhold til god kommunal revisjonsskikk innhente en skriftlig uttalelse fra ledelsen om vi er gitt all informasjon som er nødvendig for oppdraget og om fullstendigheten og riktigheten av det forholdet som kontrolleres. Dette gjelder i alle tilfeller:

- I forbindelse med avslutningen av revisjonen av årsregnskapet. Denne uttalelsen inneholder også skriftlige uttalelser fra ledelsen om kjennskap til eller mistanke om misligheter mv.
- I forbindelse med avslutningen av forenklet etterlevelseskontroll av økonomiforvaltningen.

Oppdragsansvarlig revisor

Oppdragsansvarlig regnskapsrevisor er Kathrin Haram.

Eventuelt skifte av oppdragsansvarlig revisor vil bli varslet skriftlig til kontrollutvalget.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Avslutning

Vi håper innholdet i dette brevet samsvarer med kontrollutvalgets forståelse av revisors rolle og ansvarsområder, og vi ser frem til et godt og konstruktivt samarbeid. Hvis noe er uklart eller utvalget har spørsmål, er det bare å ta kontakt.

Med hilsen

Møre og Romsdal Revisjon SA



Kathrin Haram

oppdragsansvarlig revisor

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 30/23	Sykkylven kontrollutval	30.11.2023

Bestilling av risiko- og vesentlegvurdering 2024 Sykkylven kontrollutval

Sekretariatet si tilråding:

Sykkylven kontrollutval ber sekretariatet om å bestille ein prosjektplan for gjennomføring av risiko- og vesentlegvurdering frå Møre og Romsdal Revisjon SA. I bestillinga må dei synspunkt om prosess og involvering som kom fram i møtet, takast med.

I prosjektplanen skal det kome fram:

- korleis analyse- og planarbeidet er tenkt å gjennomførast.
- forventa ressursbruk samt tidsplan

Prosjektplanen vert å legge fram til godkjenning for kontrollutvalet på første møte i 2024. Kontrollutvalet ber om at prosessen vert lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll seinast kan leggest fram for kommunestyret i første møte andre halvår 2024.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter konstituering, utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Som grunnlag for å utarbeide ein god plan, gjennomfører kontrollutvalet ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sine verksemder og kommunale selskap. Dette med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Planen skal vedtakast av kommunestyret og kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen om risiko- og vesentlegbildet endrar seg.

Ei slik risiko- og vesentlegvurdering skal gje svar på kva område det er knytta størst risiko til og kva områder som er mest vesentleg for kontrollutvalet å undersøke. Målet er å avdekke

indikasjoner på avvik eller svakheiter i forvaltninga sett i forhold til lover, føreskrifter, kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

Med risiko meiner vi i denne samanhengen faren for avvik frå til dømes regelverk, mål, vedtak og andre føringar som kommunen har sett for verksemda. Risiko vert vurdert i høve til kor sannsynleg det er at avvik skjer og konsekvensen det vil medføre for kommunen si måloppnåing, omdømme, innbyggjarar, medarbeidarar eller samfunnet som heilskap, dersom risikoen inntreff.

For å kunne prioritere mellom områder kor det vert indentifisert risiko i kommunen og i kommunen sine selskap, må det vurderast kva områder som er mest vesentlege. Med det meiner vi ei samla vurdering av kor alvorleg trusselen som den einskilde risikofaktor representerer.

Det å kjenne risiko- og vesentlegvurderinga og delta i arbeidet med å utarbeide plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, er viktig for at kontrollutvalet skal vere godt kjent med kommunen sine verksemdområder og selskap. Arbeidet i seg sjølv er med på å gje eit kunnskapsgrunnlag til kontrollutvalet for å ivareta kontrollansvaret.

Meir informasjon om temaet finn de i www.kontrollutvalsboka.no kapittel 6.

Vurdering:

Gjennomføring av ei risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av kommunen si verksemd, verksemda i kommunen sine selskap, av kommunen sitt eigarskap og utarbeiding av forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll, kan gjerast av den valde revisor, sekretariatet eller anna eksternt selskap med kompetanse på området.

Det som er mest vanleg i våre kommunar er å be Møre og Romsdal Revisjon SA gjennomføre oppdraget i samarbeid med sekretariatet.

For å få informasjon om risikoområde i kommunen kan ein basere analysa på informasjon frå ei rekke kjelder. Det er oftast tre ulike hovudkjelder for informasjon som vert nytta for å kartlegge og identifisere risikomknytt til tenesteområda og eigarinteressene i kommunen;

- skrifteleg og munnleg informasjon frå kommunen
- informasjon frå eksterne offentlege kjelder
- kunnskapen kontrollutvalet, sekretariatet og revisor har om verksemda

For å få fram mest mogeleg relevant informasjon til dette arbeidet, kan det vere tenleg å sikre brei involvering. Kontrollutvalet bør gjere seg opp ei meining om det er ynskjeleg med ei brei involvering og korleis denne skal gå føre seg.

Ordførar, gruppeleiarar og/eller utvalsleiarar har si kontaktflate og har ofte god oversikt og kunnskap om kor det er risikoar som bør vere med i analysa.

Adminstrasjonen har kanskje den mest inngåande kunnskapen om den enkelte verksemd i kommunen. Hovudverneombod og tillitsvalde likeeins. For å få eit mest mogeleg heilskapeleg bilete, kan det vere nyttig å involvere representantar frå ulike verksemdområder.

Når vi skal lage ei slik analyse så er det ulike prosessverktøy som kan nyttast. Intervju, spørjeundersøkingar og ulike former for større og mindre møter er slike verktøy. I tillegg til å

analysere skriftleg dokumentasjon som til dømes årsmeldingar, kommunale planer og evalueringer, avviksrapportar, tilsynsrapportar, KOSTRA-rapportar for å nevne noko.

Andre stader i landet finn vi kontrollutval som har god erfaring med å ta i bruk ulike former for arbeidsmøte eller dialogmøte. Det kan vere eit møte der kontrollutvalet inviterer med andre aktørar som nevnt over, der t.d. kafedialog vert brukt som prosessverktøy for å få fram nyttig informasjon. Eit slikt møte tek nokre få timar, og sekretariat og revisor kan fasilitere sjølve prosessen i samarbeid.

Ei slik tilnærming, i tillegg til dei dokumentanalyser og intervju/underøkingar som revisor gjennomfører, vil kunne bidra til at både kontrollutval og andre får sterkare kjennskap og eigarskap til den risiko- og vesentlegvurderinga som skal ligge til grunn for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll.

Kontrollutvalet bør drøfte seg fram til nokre føringar for arbeidet med risiko- og vesentlegvurderinga. Slike føringar kan t.d. vera:

- kven som bør involverast i gjennomføringa av risiko og vesentlegvurderinga
- i kor stor grad vil kontrollutvalet sjølv involverast i arbeidet, t.d. invitere til eit dialogmøte som skissert
- kor djupt skal analysen gå (omfanget av den)
- når skal arbeidet leverast ferdig til kontrollutvalet for endeleg behandling

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber Møre og Romsdal Revisjon SA om å utarbeide eit forslag til prosjektplan i dialog med sekretariatet, i tråd med dei føringar kontrollutvalet har gjeve i møtet. Prosjektplanen bør vise korleis dei planlegg gjennomføringa av ei risiko- og vesentlegvurdering av Sykkylven kommune si verksemd, verksemda i kommunen sine selskap og av kommunen sitt eigarskap.

Videre bør prosjektplanen så vise forventa ressursbruk og forventa leveringdato. Utarbeiding av forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 kan gjerast av sekretariatet i god dialog med revisor. Dette bør komme fram av prosjektplanen.

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
PS 31/23	Sykkylven kontrollutval	30.11.2023

Rapport frå eigarskapskontroll 2023 Sykkylven kommune

Sekretariatet si tilråding:

Kommunestyret tek rapporten frå eigarskapskontroll 2023 til orientering.

Kommunestyret merkar seg dei punkt til oppfølging og forbetring som kjem fram i rapporten

1. Kommunestyret bed kommunedirektøren om å legge til rette for at årshjulet for eigarskapsoppfølging vert praktisert i 2024.
2. Kommunestyret bed kommunedirektøren gå i dialog med leiinga i det enkelte selskap, for å avtale praktiske rutiner som sikrar journalføring som omtalt i rapporten.
3. Kommunestyret bed kommunedirektøren om å revidere eigarskapsmeldinga slik at den kan vedtakast innan utgangen av 2024.
4. Kommunestyret bed kommunedirektøren lage ein handlingsplan for oppfølging av punkt 1 og 2, og legge den fram for kontrollutvalet innan utgangen av mars 2024.

Bakgrunn:

Eigarskapskontroll er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. Det er eit viktig verkemiddel for å sikre at selskapa er under demokratisk styring og kontroll og at eigarinteressene til kommunen vert best mogeleg tatt vare på.

Delar av den kommunale verksemda blir organisert utanfor den ordinære kommunale forvaltninga. Dette kan vere i form av aksjeselskap, interkommunale selskap eller andre sjølvstendige rettssubjekt.

Korleis kommunestyret forvaltar eigarinteressene sine, er viktig for å sikre kvalitet på tenester og god forvaltning av dei kommunale verdiane. Dette er også viktig for omdømmet til kommunen.

Formålet med ein eigarskapskontroll er å kontrollere "om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring". kommunelova § 23-4.

Kontrollutvalet skal sjå til at det blir gjennomført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap. Eigarskapskontrollen skal utførast av revisor og gjennomførast i samsvar med Standard for eierskapskontroll RSK 002.

Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Kurt Løvoll og forvaltningsrevisor Einar Andersen har utført revisjonen. Begge frå Møre og Romsdal Revisjon SA.

Kontrollutvalet vedtok i sitt møte 8. juni 2023 ein prosjektplan for å få gjennomført eigarskapskontroll i Sykkylven kommune.

Då kontrollutvalet vedtok prosjektskissa, så var det etter at kontrollutval og revisor hadde drøfta kva som kunne vere moglege problemstillingar denne kontrollen skulle sjå nærare på.

Vurdering:

Ein eigarskapskontroll er etter ny kommunelov ikkje ein selskapskontroll av det enkelte selskap, men ei kontrollhandling for å sjå nærare på korleis eigarstyringa i Sykkylven kommune er forankra. Og korleis oppfølginga av det enkelte selskap er i praksis.

Hovudformålet med eigarskapskontrollen er å sjå på korleis Sykkylven kommune sine eigarinteresser i selskap blir utøvd, og om utøvinga er i tåd med kommunestyret sine vedtak og føresegner. Korleis er eigarstyringa forankra og kva rutiner er det for oppfølging av eigarskapen.

Problemstillingane som er utgangspunkt for rapporten er:

1. Har Sykkylven kommune ei eigarskapsmelding som inneheld dei krav som ligg i kommunelova og dei tilrådingar som KS har gitt om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll?
2. Utøver Sykkylven kommune sine eigarskap i Sykkylven Energi Holding AS, Sykkylven Bustadselskap AS og Aure Omsorgsbustader AS i tråd med kommunestyret sine vedtak og etablerte normer for god eigarstyring?

Vurdering av rapporten

Sekretariatet skal vurdere om rapporten frå eigarskapskontrollen samsvarer med bestillinga, før rapporten vert handsama i kontrollutvalet.

Møre og Romsdal Revisjon SA har utført eigarskapskontrollen og leverte ferdig rapport 16. november 2023. Dette er i god tid før planlagt frist som var innan utgangen av 2023.

Revisjonen oppgir at prosjektet er gjennomført innanfor avtalt ressursramme.

Slik sekretariatet les rapporten, så kjem det greit fram kva metode revisor har nytta og korleis dei har gjennomført eigarskapskontrollen. Dette samsvarar med bestillinga.

Sekretariatet er av den oppfatning at det hadde styrka rapporten om det innleiingsvis hadde vore ei kort samanfating av innhald og funn. Det gjer det lettare for lesaren å få ei oversikt over det viktigaste i rapporten før ein går grundigare inn i den.

Ut over dette er rapporten grundig og gjennomført som avtalt, og slik sekretariatet ser det så er problemstillingane svart ut i rapporten.

Første problemstilling omhandlar eigarskapsmeldinga og innhaldet i den.

Eigarskapsmeldinga som er utarbeidd, har tatt opp i seg dei krav som er sett til innhald. Sekretariatet legg merke til at i omtalen av kontrollutvalet i eigarskapsmeldinga, så er det sett inn ein tekst som ikkje samsvarer med dei endringar som vart gjort i ny kommunelov § 23-2 c og d. Eigarskapskontroll er no omtalt i § 23-4 og kva selskap kontrollutvalet har innsynsrett i er omtalt i § 23-6. Dette bør rettast oppp når eigarskapsmeldinga vert rullert i 2024.

Revisor viser til at det er to interkommunale selskap som ikkje er tatt med i oversikta over selskap som kommunen eig eller har eigarinteresser i. Revisor nemner Interkommunalt arkiv IKS og Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS. I tillegg så ser sekretariatet at Sunnmøre regionråd IKS heller ikkje er med. Når eigarskapsmeldinga skal rullerast innan utgangen av 2024, så bør denne oversikta kvalitetssjekkast slik at den vert komplett.

Vidare så kjem det fram at korrespondansen mellom eigar og selskap foregår slik at den ikkje alltid vert handtert og journalført i tråd med lover og retningslinjer, og slik intensjonen er i eigarskapsmeldinga. Her kan kommunen som eigar ta initiativ til å etablere rutiner i lag med selskapa slik at slik journalføring kan skje hjå kommunen.

Eigarskapsmeldinga inneheld eit årshjul for eigaroppfølging skal gjennomførast og det vert viktig at kommunen følgjer opp dette i 2024. Å gjennomføre ein eigardag er eit av punkta i årshjulet. Om Sykkylven kommune får gjennomført ein slik eigardag i 2024 så blir det lettare å forankre eigarstrategien som kjem fram i eigarskapsmeldinga.

Andre problemstilling skulle sjå nærare på utøving av eigarstrategien og kommunen si tilrettelegging for god styring, selskapsleiing og kontroll.

Revisor har gjennomført kontrollhandlinger knytt til nokre konkrete selskap. Også her kjem det fram at det ikkje er gode nok rutiner knytt til formidling av dokumentasjon som sikrar at deet vert journalført og arkivert hjå kommunen. Det kan også synast som at møteprotokollane frå eigarmøta ikkje har med alle formalitetar, og dette bør kommunen som eigar formidle gjennom informasjon og opplæring.

Sekretariatet vil også minne om at det er kommunen som har ansvar for å sørge for at kontrollutvalet vert varsla om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarande organ, fordi kontrollutvalet har rett til å vere til stades i desse møta.

Rapporten viser at oppnemning av eigarrepresentantane vert gjennomført på ein ryddig og god måte. Når det gjeld tilbod om opplæring av eigarrepresentantane, så er intensjonen i eigarskapsmeldinga god, men det manglar på gjennomføringa. Å legge til rette for at eigarrepresentantane får kompetanseutvikling innan tema som eigarskap, selskapsleiing og kontroll, vil svare ut den gode intensjonen som er lagt til grunn i eigarskapsmeldinga.

Openheit, etiske retningslinjer, innkjøpsstrategi og arbeidsgivarpolitikk er viktige tema som vert peika på i eigarskapsmeldinga, og rapporten viser at kommunen som eigar med fordel tydelegare kan løfte desse fram i dei møtepunkt som er med selskapa.

Kommunen har utarbeidd ei god eigarskapsmelding med gode eigarstrategier. Gjennom å gjere den godt kjent så er det større sjanse for at dei gode prinsippa som Sykkylven kommune som eigar legg til grunn, vil bli etterlevd.

Vedlegg

Rapport eigarskapskontroll 2023 - Sykkylven kommune
Eigarskapsmelding Sykkylven Kommune



Sykkylven
kommune

Eigarskapsmelding – Sykkylven kommune

Vedteken av kommunestyret:



Innhold

Innleiing.....	3
Del 1	4
Sykkylven kommune- visjon og mål.....	4
Overordna mål for eigarskap i Sykkylven kommune:.....	8
Eigarskap med finansielt føremål:.....	8
Eigarskap med politiske føremål:	8
Overordna prinsipp for eigarstyring	9
Del 2	10
Oversikt over selskap vi har aksjar i:	10
Eigne strategiar for selskap der Sykkylven er eineigar eller majoritetseigar	11
Sykkylven Energi Holding AS.....	11
Sykkylven bustadselskap AS og Aure Omsorgsbustadar AS	12
Sykkylven Næringsutvikling AS.....	13
Storfjordterminalen.....	14
Storfjordsambandet AS	15
Del 3 – Roller, ansvar og årshjul for eigarstyring.....	18
Årshjul for eigaroppfølging.....	20

Innleiing

Sykkylven kommune har direkte eigardelar i aksjeselskap og interkommunale selskap. Videre deltek kommunen i større og mindre interkommunale samarbeid. Samla vert det forvalta store verdiar i desse selskapa. Målet er å utøve eit eigarskap som samla sett skal bidra til god utvikling av selskapa, langsiktig verdiskaping og tydeleg styring. Dette krev tydelege føringar, rolleavklaring og open dialog mellom eigar og selskap.

Kommunane sitt ansvar for ein tydeleg eigarskapspolitikk er forankra i kommunelova: § 26-1. Eierskapsmelding. Her står det at kommunar skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret sjølv. Det står også kva ei eigarskapsmelding skal innehalde. Denne eigarskapsmeldinga dekkjer dette lovkravet.

Sykkylven kommune si eigarskapsmelding skal:

- 1. Tydeleggjere korleis Sykkylven kommune vil utøve ein overordna eigarskapspolitikk.**
Den overordna eigarskapspolitikken har mål om å danne grunnlag for klare retningslinjer til selskapa og forenkle samarbeidet der ein har fleire eigarar. Overordna forventningar, mål og prinsipp gjeld uavhengig av selskapsform og kva for målsettingar kommunen(-ane) har med selskapet.
- 2. Gje ei samla oversikt over alle kommunen sine eigarposisjonar.**
Eit utval av selskapa, nærmare bestemt dei vi har ein stor egarde, er majoriteteigar eller eineigar, vil ha ein eigen omtale og strategi. Denne eigarstrategien skal gje selskapa signal om kva eigar ynskjer, og vil vidare dannar grunnlag for ei god forventningsavklaring og styringsdialog.
- 3. Vise aktørbildet og roller, samt korleis eigar vil utøve eigarskapsoppfølginga** gjennom klargjering av roller og aktivitetar i eit årshjul.

Eigarskapsmeldinga er tredelt:

- Del 1 - Generell del: Overordna eigarskapspolitikk.
Overordna eigarskapspolitikk og prinsipp for eigarstyring, overordna mål og forventningar.
- Del 2 - Spesiell del: Oversikt over Sykkylven kommune sine eigarposisjonar og nærmare omtale om føremål og eigarstrategi for dei selskapa vi er eineigar eller majoriteteigar av.
- Del 3 – Roller, ansvar og årshjul for eigarskapsoppfølging.

Sykkylven kommune som eigar ønsker ei klargjort rolle- og ansvarsdeling mellom eigar og selskap, og som følgjer prinsipp for god eigarstyring og selskapsleiing, slik det er nedfelt i [KS sine tilrådingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll](#).

Innhaldet i eigarskapsmeldinga, og/ eller eigarstrategien vil kunne medføre endringar i dokument som regulerer forholdet mellom eigar og selskap (t.d. vedtekter eller oppdrags/ tildelingsbrev). Dette må følgjast opp i etterkant av kommunestyret sitt vedtak.



Del 1

Sykkylven kommune- visjon og mål

Sykkylven kommune sin visjon er SKAPARGLEDE.

Skaparglede symboliserer den kreative krafta og pågangsmotet som har lagt grunnlaget for dagens Sykkylvs-samfunn.

Visjonen er knytt til at Sykkylven:

- er ein kommune der skaparglede er ein gjennomgåande verdi for heile lokalsamfunnet.
- skaper trivsel, sosiale og friske menneske som meistrar eigen kvardag.
- er ein levande og skapande kommune, ein kommune med mangfald, som pulserer, skaper energi og kreativitet.
- er eit samfunn som skaper gode løysingar, tilpassa den enkelte sine behov.
- skaper gode tilhøve til naboane våre, og gjere nytte av at vi ligg nær både by og fjell.
- bygg stoltheit og identitet ved å ta det beste frå fortida med oss inn i framtida.
- er ein berekraftig kommune i tråd med FNs berekraftsmål

Prioriterte innsatsområde (nedfelt i samfunnsplanen som skal vedtakast våren 2023)
 Sykkylven kommune skal i planperioden ha særleg fokus på:

- Berekraft
- Verdiskaping og arbeidsplassar
- Tenestekvalitet
- Bustadsituasjonen
- Livskvalitet, likeverd og mangfald

FNs bærekraftsmål

FNs bærekraftsmål er verdens felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikhet og stoppe klimaendringene innen 2030. FNs bærekraftsmål består av til sammen 17 mål og 169 delmål, og gir en felles global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn.

Dei tre bærekraftsdimensjonane; Økonomi, sosiale forhold, klima og miljø er innarbeidd i Sykkylven kommune sin kommuneplan- samfunnsdel. Sykkylven kommune gjennomførte også, hausten 2020, ei kartlegging av 107 indikatorar som måler kommunen sin status i høve til FN sine bærekraftsmål. Arbeidet var organisert gjennom prosjektet [Berekraftfylket Møre og Romsdal](#) i samarbeid med FN-organisasjonen United for Smart Sustainable Cities (U4SSC). Indikatorane måler ulike sider av samfunnet, frå det som gjeld vatn, energi, transport og bygg til tryggleik, helse, innovasjon og utdanning. Digitalisering gjeld for alle desse alle områda.



Selskapa som ressurs i å nå dei overordna måla:

Sykkylven kommune ser på våre selskap er ein ressurs og samarbeidspart i arbeidet med å nå dei overordna måla. Selskapa har ei viktig samfunnsrolle og påverkar samfunnsutviklinga og nærmiljøet der dei opererer. Derfor er det viktig at denne samfunnsrolla i størst mogleg grad blir reflektert i både styring og dagleg leiing av selskapa. Sykkylven kommune ynskjer å spele på lag med alle våre selskap og interesser i arbeidet mot å bli eit meir bærekraftig samfunn.

Eit bærekraftig selskap balanserer økonomiske, sosiale og miljømessige forhold på ein måte som bidreg til langsiktig verdiskaping, slik at dagens behov vert ivaretatt utan å øydelegge moglegheitene for at komande generasjonar kan få dekkja sine behov.

Andre viktige føringar

1. Det skal vere ein open kommunikasjon om kommunen sine eigarinteresser i alle selskap knytt til Sykkylven kommune, og eigarpostar skal kome fram i rekneskapen.
2. Prinsippet om meiroffentlegheit skal gjennomførast i alle selskap når ikkje anna lovgiving, forretningsmessige eller andre tilhøve tilseier at informasjonen skal vere unntatt offentlegheit.
3. Det skal vere ein open kommunikasjon om leiarløningar, pensjon, styrehonorar og anna godtgjering i selskapa.
4. Sykkylven kommune føreset at kommunen sine representantarar i selskap er registrert i Kommunens sentralforbund (KS) sitt styrevervregister. Tilknytning til styrevervregisteret skapar openheit om roller og styrker allmenta sin tillit til kommunalt eigde selskap.

Vidare er Sykkylven kommune oppteken av at det einskilde selskap si verksemd er ansvarleg. Dette inneber å identifisere og handtere risikoen selskapet påfører menneske, samfunn og miljø. Omsynet til bærekraft og ansvarleg verksemd er ein del av Sykkylven kommune sine forventningar til selskapa, og vil påverke korleis Sykkylven kommune følg opp selskap og eigarposisjonar. Sykkylven kommune forventar at alle selskap legg til grunn kommunen sine føringar knytt til:

- Etske retningslinjer
- Innkjøpsstrategi
- Openheit og innsyn

Vanlege selskapsformer i kommunal sektor:

- **AS** – aksjeselskap styrt av aksjelova. Selskapet sitt øvste eigarorgan er generalforsamlinga, og her vert den øvste mynda til selskapet utøvd.
- **IKS** - interkommunalt selskap (styrt av lov om interkommunale selskap. IKS er eit sjølvstendig rettssubjekt og skal opptre i eige namn). Deltakarkommunane utøver eigarstyring gjennom sine valde medlemmar i representantskapet. Kommunestyret har instruksjonsrett ovanfor sine medlemmar i representantskapet.
- **KF** - kommunalt selskap. KF er regulert av lov om kommunar og fylkeskommunar- kommunelova. KF er ikkje eit sjølvstendig rettssubjekt, men er ein del av kommunen. Selskapet vert leia av eit styre, som er peika ut direkte av kommunestyret. Dagleg leiar står i linje under styret, som igjen er underlagt kommunestyret.
- **Samvirkeselskap**. Det er lov om samvirkeselskap (samvirkelova) som regulerer denne organisasjonsforma. Eit samvirkeselskap er ikkje eit selskap.. Samvirkeselskap har medlemmer, men ikkje eigarar. Årsmøtet er samarbeidet sitt øvste organ, og her vert avgjerder fatta.
- **Stiftingar**: Lov om stiftelsar (stiftelseslova) regulerer denne organisasjonsforma. Ei stifting er eit sjølvstendig rettssubjekt. Som stiftar av ei stifting kan kommunen verken utøve styring over stiftinga si verksemd eller gjere krav på delar av stiftinga sitt overskot (ta utbytte).
- **Kommunalt oppgåvefelleskap**. Denne selskapsforma er regulert i kommunelova § 19-1. Ny kommunelov fjernar høve til § 27-samarbeid, og oppgåvesamarbeid kan vere eitt av alternativa. Kommunane har fått tid fram til utgangen av 2023 på å tilpasse seg denne endringa. I eit oppgåvefelleskap kan to eller fleire kommunar løyse felles oppgåver, og er som sagt eitt av fleire alternativ for organisering av interkommunalt samarbeid. Eit oppgåvefelleskap kan ikkje ha mynde til å treffe einskildvedtak, men kan likevel gjevast mynde til å treffe denne type vedtak om interne forhold i samarbeidet, og til å forvalte tilskotsordningar.
- **Kommunelova § 28 - Vertskommunemodell**. Kommunen overlét ansvaret for bestemte oppgåver og slutningar til ein anna kommune, dvs. Vertskommune. Modellen inneberer ikkje etablering av eigen juridisk person, men er eit reint avtalebasert samarbeid.


Kvifor opprettar vi selskap?

Hovudregelen er at Sykkylven kommune yter kommunale tenester i eigen regi, underlagt kommunedirektøren sitt ansvar og mynde, med direkte folkevald kontroll og styring, og kan kallast linjestyling. Der oppgåveløysinga er organisert i ulike selskap, har dei folkevalde meir indirekte verktøy for styring, også kalla eigarstyring.

Sykkylven kommune kan vurdere å organisere si verksemd i selskap dersom:

- Tenesta kan driftast meir effektivt i samarbeid med andre offentlege aktørar (stordriftsfordelar).
- Tenesteproduksjonen blir meir robust ved samarbeid med andre.
- Det er ønskeleg og hensiktsmessig å samarbeide om verksemda med private aktørar.
- Kommunale tenester krev investeringar i infrastruktur på tvers av kommunegrensene.
- Statlege tilskotsordningar krev selskapsorganisering, utanfor ordinær struktur.
- Skatte- og avgiftsmessige forhold gjer at selskapsorganisering har økonomiske fordelar.
- Verksemdene opererer i ein marknad, og er difor meir tent med ei friare stilling enn det ein har i den kommunale organisasjonen.

Samarbeidsformer og graden av sjølvstyre:



Modellen syner på ein forenkla måte korleis alternative selskapsmodellane har aukande grad av sjølvstyre. Pila si retning syner og aukande behov for eigarstyring gjennom overordna prinsipp. Dette er årsaka til behovet for ei god eigarskapsmelding og eigarstyring.

Kommunen sitt føremål med selskap kan grovt delast inn i to.

1. **Finansielt føremål med ev. tilleggsføremål:** Eigarskap som primært opererer i konkurranse med andre. Føremålet er ofte finansielt, men kan og vere motivert av andre tilleggsføremål. Tilleggsføremål kan t.d. vere knytt til ringverknadar med eigarskapet som t.d. regionale arbeidsplassar eller lokalisering og hovudkontorfunksjon.
2. **Sektorpolitiske føremål eller andre politiske/ regionalpolitiske føremål:** Selskap som gjennomfører lovpålagde eller samfunnsmessige oppgåver der eigar ikkje siktar mot ei marknadsmessig eigenkapitalavkastning. Dei sektorpolitiske måla er sentrale i eigarskapsstrategien for desse selskapa. Årsaka til å opprette selskap innanfor denne kategorien er å gje selskapet ei større operasjonell sjølvstende eller fagleg uavhengig rolle. Desse selskapa opererer primært ikkje i konkurranse med andre, og alternativet til kommunalt eigarskap er ofte å organisere selskapet som forvaltningsorgan i eigen organisasjon. Enkelte selskap er og oppretta av reint politisk og ofte regionalpolitiske føremål. T.d. er samferdselselskapa vår eit døme på dette.

Uavhengig av kva for kategori selskapa har si hovudforankring vil Sykkylven kommune forvente at selskapa balanserer omsyna til økonomiske, miljømessige og sosiale konsekvensar av verksemda for eigarar, kundar, tilsette og andre interessentar. Målet med dette er å sikre langsiktig utvikling, men med ei tydeleg forventning om effektiv drift med god utnytting av selskapet sine ressursar.

Overordna mål for eigarskap i Sykkylven kommune:.

Sykkylven kommune skal vere ein ansvarleg eigar med langsiktig perspektiv. Fellesskapet sine verdiar skal forvaltast på ein måte som gjev tillit hos allmenta. Sykkylven kommune si eigarutøving skal bidra til høgast mogeleg avkastning over tid, eller mest mogeleg effektiv måloppnåing av samfunnsmessige mål. Måla skal nås på ein berekraftig og ansvarleg måte.

Eigarskap med finansielt føremål:

Selskapa som i hovudsak har finansielt føremål skal levere høgast mogeleg avkastning over tid. Andre tilleggsføremål skal tydeleggjerast i eigarstrategien. Eit selskap vil i utgangspunktet ikkje kunne skape verdiar og vere konkurransedyktig utan at det vert eigd og styrt med mål om høgast mogeleg avkastning over tid. Høgast mogeleg avkastning over tid føreset at selskapet er berekraftig. Eit berekraftig selskap balanserer økonomiske, sosiale og miljømessige forhold på ein måte som bidreg til langsiktig verdiskaping.

Eigarskap med politiske føremål:

Selskap som i hovudsak har samfunnsmål eller andre politiske føremål skal ha mest mogeleg effektiv måloppnåing. Samfunnsmål skal tydeleggjerast i eigarstrategien. Dersom selskapet også har verksemd i konkurranse med andre, forventar kommunen normalt høgast mogeleg avkastning over tid frå denne delen av selskapet si verksemd. Dei samfunnspolitiske måla varierer mellom selskapa, men for alle selskapa har Sykkylven kommune mål om mest mogeleg effektiv oppnåing av desse. Selskapa innanfor dette føremålet opererer primært ikkje i konkurranse med andre, men i enkelte tilfelle vil delar av aktiviteten operere i konkurranse med andre. I slike tilfelle har kommunen normalt høgast mogeleg avkastning over tid til denne avgrensa delen.

Dei overordna måla for alt eigarskap er ikkje gjentatt i dei einskilde eigarstrategiane i del-2 i eigarskapsmeldinga.

Overordna prinsipp for eigarstyring

Sykkylven kommune skal vere ein profesjonell eigar, som utøver eigarrolla si basert på prinsipp for god eigarstyring slik dei er nedfelt i [KS sine tilrådingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll](#), og slik det kjem fram i denne eigarskapsmeldinga.

Sykkylven kommune har definert nokre overordna prinsipp for eigarstyring.

Målet er at prinsippa skal bidra til føreseielege overordna rammer, rolleavklaring og ansvar.

Prinsippa er som følgjer:

1. Kommunestyret er generalforsamling i heileigde aksjeselskap.
2. Ordførar, eller den ordførar peikar ut, stiller på vegne av kommunen i deleigde selskap.
3. Kommunestyret oppnemner styremedlemar og representantar til aktuelle eigarorgan.
4. Den kommunale valnemnda skal foreslå styremedlemmar til alle selskap der kommunen har styrerepresentasjon, dersom anna ikkje er vedtekstfesta.
5. Kommunestyret vedtek retningslinjer for valnemnda sitt arbeid.
6. Det skal settast eit nøkternt nivå på leiarlønningar, pensjon, styrehonorar og anna godtgjering i selskapa.
7. Eigarskapsmeldinga skal oppdaterast etter behov, men skal handsamast av kommunestyret i løpet av første år av valperioden.

Selskap der Sykkylven kommune ikkje er eineigar:

Sykkylven kommune har interesser i fleire selskap som vi eig saman med andre. Det er ønskeleg at dei aktuelle prinsippa ovanfor også vert praktisert i og ovanfor desse selskapa. Sykkylven kommune som deleigar i selskap ønskjer ein systematisk dialog, også med desse selskapa. Dette for å kunne sikre ei samla god eigarstyring uavhengig av eigardel.

Del 2

Oversikt over selskap vi har aksjar i:

Selskaps navn	Eierandel i %	Vesentlig endringer i eierandel	Vesentlig nedskrivning	Reversering nedskrivning	Bokført verdi 31.12
EIGARINNSK. ÅKNES/TAFJ. IKS	20 %				200 000
ÅRIM IKS	8 %	avviklet mot aksjer i Bingsa Gjenvinning AS	40 000		-
MURITUNET AS	0,50 %				70 000
AURE OMSORGSBUSTADER AS	100 %				352 000
SYKKYLVEN BUSTADSELSKAP AS	100 %				4 600 000
SYKKYLVEN ENERGI HOLDING AS	100 %				51 670 516
RADIO STORFJORD AS		avviklet	1		-
BYRG KOMPETANSE AS	0,01 %				10 000
STORFJORDTERMINALEN AS	100 %				8 100 000
HAREID FASTL.SAMBAND AS	0,11 %				10 000
BINGSA GJENVINNING AS	1,95 %			46 000	46 000
BIBLIOTEKSENTRALEN AL	1 %				1 500
STORFJORDSAMBANDET ASA	34 %				4
SYKKYLVEN RESSURSENTER AS/FU	1 %				6 000
VELLEDALEN I BALANSE AS	0,006 %				5 000
SYKKYLVEN NÆRINGSUTV. AS	52,00 %				26 000
UTVIKLINGSFORUM FOR ÅLESUND LUFTHAVN VIK	2,44 %				25 000
MØRE OG ROMSDAL REVISJON SA	2,60 %				105 000
STRAUMGJERDE VASSVERK	1 %				5 000
DET NORSKE TEATRET LL	1 %				3
STORFJORD KULTURHUS SA	1 %				1
SYKKYLVEN LEGETJENESTE AS	100 %	avviklet	1 639 346		-
PLUSSLAB AS	25 %				12 500
NORSK MØBELFAGLEG SENTER	25 %				17 000
KOMPETANSESENTER FOR NORSK MØBELINDUSTRI		under utvikling			600 000
SYKKYLVEN FRLUFTSENTER	12,90 %				30 000
HUNDEIDVIK VASSVERK VERDI PÅL	1 %				5 000
ØVRE VELLEDALEN VASSVERK, PÅL	1 %				5 000
EIGENKAPITALINNSKOT KLP					19 361 878

Eigne strategiar for selskap der Sykkylven er eineigar eller majoritetseigar

Aksjeselskap

Namn	Sykkylven Energi Holding AS
Organisasjonsnummer	924 888 946
Stifta	2020
Sykkylven kommune sin eigardel	100%
Andre eigarar	Ingen
Aksjekapital	Aksjekapital består av 33 aksjar pålydande 600 000 per aksje. Totalt 19.800.000 i aksjekapital
Dagleg leiing	Per Arne Edvardsen
Styre	<p>Styreleiar Steinar Johan Bakke</p> <p>Nestleiar Kristin Grebstad</p> <p>Styremedlem Arvid Ståle Skinnes</p> <p>Styremedlem Jarle Sverre Strømmegjerde</p> <p>Styremedlem Odd Arne Krüger</p> <p>Styremedlem Renate Synnøve Karlsen</p> <p>Styremedlem Per Magne Drotninghaug</p> <p>Varamedlem Anne Karin Watters</p> <p>Varamedlem Hallvard Hjorthol</p> <p>Varamedlem Kai Fjell</p> <p>Varamedlem Bergljot Hjortdal</p> <p>Revisor Revisor Klokk AS</p>
Selskapet si heimeside	<p>https://www.sykkylven-energi.no/</p> <p>Sykkylven Energi Holding AS- Proff- Informasjon</p>
Selskapet sitt føremål	<p>Føremål med verksemda er, direkte eller indirekte gjennom dotterselskap, overføring av elektrisk kraft med høg leveringssikkerheit og leveringskvalitet til kundar i Sykkylven kommune og produksjon av elektrisk energi i eigne kraftstasjonar. Selskapet skal vidare, direkte eller indirekte gjennom dotterselskap, yte gode og sikre tenester innan vassforsyning og avløp (VA) til innbyggjarane i Sykkylven. I tillegg skal selskapet, direkte eller indirekte gjennom dotterselskap, bygge og vedlikehalde infrastruktur for fiberbaserte kommunikasjonsløysingar.</p> <p>Selskapet kan og delta i andre aktivitetar som heng naturleg saman med energi-, kommunikasjon og VA- relaterte tenester eller gjennom deltaking i andre selskap.</p>

Eigarstrategi	<p>Sykkylven Energi Holding AS skal vere drivkraft for ei miljøvennleg samfunnsutvikling innanfor sitt produksjon og overføring av elektrisk energi, fiber infrastruktur og for tenester innan vassforsyning og avløp.</p> <p>Gjennom rasjonell og effektiv drift samt bygging av infrastruktur med rett kvalitet skal selskapet tilbakeføre verdier til eigar og lokalsamfunn.</p> <p>Selskapet skal utarbeide planar for ei berekraftig fornying av infrastrukturen . Høg levetid og eit avgrens klimafotavtrykk skal vere eit mål, og ny teknologi skal nyttast for å møte framtidens utfordringar på ein effektiv måte.</p> <p>Eigar ønsker at selskapet skal ha eit samarbeid med private vassverk i kommunen for å sikre felles ambisjon om trygge og berekraftig vassforsyning for innbyggjarane i Sykkylven kommune også i framtida.</p> <p>Utbyttet frå selskapet skal være resultatavhengig og skal maksimalt være 50 % av resultatet etter skatt. Dette skal gi eigar og selskapet gode rammevilkår for å utvikle verdiane i selskapet.</p>
---------------	--

Namn	Sykkylven bustadselskap AS og Aure Omsorgsbustadar AS
Organisasjonsnummer	979 298 285 Org nr 973 191 799
Stifta	1997
Sykkylven kommune sin eigardel	100%
Andre eigarar	Ingen
Aksjekapital	<p>Sykkylven bustadselskap AS: 4600 000,- fordelt med 4600 aksjar a kr 1000,-</p> <p>Aure Omsorgsbustadar AS: 352 000,- fordelt på 704 aksjar pålydande kri 500,-</p>
Dagleg leiing	Vidar Schultz Nakken
Styre	<p>Styreleiar Otto Magne Strømmegjerde Styremedlem Arvid Magne Aure Styremedlem Torill Velle Styremedlem Helga Karin Lermo Johansen Styremedlem Odd Arne Eidem Varamedlem Manuel Fernando Navarro Varamedlem Synnøve Ramstad Revisor Klokk AS Regnskapsfører Sr-Rekneskap AS Sykkylven</p>
Selskapet si heimeside	<p>Sykkylven bustadselskap AS- Proff- Informasjon Aure omsorgsbustadar AS- Proff- Informasjon</p>

Selskapet sitt føremål per dato, nedfelt i vedtektene.	<p>Sykkylven bustadselskap AS: Selskapet sitt føremål er å forvalte, drive og utvikle den bustadmassa selskapet disponerer. Selskapet kan også engasjere seg i tilknytt verksemd. Selskapet skal ikkje ha til formål å skaffe aksjeeigar økonomisk utbytte. Dersom selskapet går med overskot, skal overskotet tilførast annan eigenkapital. Ved eventuell avviking av selskapet, skal aksjekapitalen gå tilbake til aksjonæren. Eit eventuelt overskot skal gå til helse- og sosialformål i Sykkylven Kommune.</p> <p>Aure Omsorgsbustadar AS: Føremålet med selskapet er å erverve og drive bustadar for tidsavgrensa utleige og kva som står i samband med dette. Bustadane skal leigast ut til eldre/ trygda, funksjonshemma og pensjonistar utpeika av Sykkylven kommune.</p>
Eigarstrategi	<p>Selskapet skal vere eitt av kommunen sine verktøy i kommunen i arbeidet med å skaffe/ legge til rette for vanskelegstilte på bustadmarknaden som treng hjelp frå det offentlege til å skaffe eller behalde bustad.</p> <p>Sykkylven kommune sin bustadpolitikk skal ligge til grunn for selskapet sin strategi, og strategiske val knytt til forvaltning av bustadmassa skal skje i tett dialog med eigar. Selskapet skal i hovudsak forvalt bustadar der det ikkje er døgnkontinuerlege kommunale tenester.</p> <p>Eigar ber selskapet om å leggje fram ei sak som syner konsekvensane av å fusjonere Sykkylven bustadselskap AS med Aure Omsorg AS. Saka skal leggjast fram i løpet av 2023</p>

Namn	Sykkylven Næringsutvikling AS
Organisasjonsnummer	954739651
Stifta	1989
Sykkylven kommune sin eigardel	52 % A-aksjar
Andre eigarar	48 % A-aksjar Sykkylven Industri og Næringslag
Aksjekapital	136 000
Dagleg leing	Åsne Helene Folstad
Styre	<p>Øystein Vikingsen Fauske, styreleiar Per Kjetil Våtmyr Anita Bente Kjersheim Bergljot Hjortdal Lars Magnus Hjellegjerde Skog Møtende vara: Thor Omenås Observatør: Odd Jostein Drotninghaug Observatør: Bente Glomset Vikhagen</p>
Selskapet si heimeside	https://www.skaparglede.no/sykkylven-naringsutvikling/

	Sykkylven næringsutvikling AS- Proff- informasjon
Selskapet sitt føremål	Selskapet sitt formål er å styrke og utvikle eksisterande og ny næringsverksemd i Sykkylven.
Eigarstrategi	<p>Sykkylven Næringsutvikling (SNU) skal vere ein katalysator, drivar og koordinator for viktige satsingar for lokalt næringsliv og legge til rette for og dra nytte av samarbeid med regionale miljø spesielt innan teknologi og reiseliv. Selskapet skal vere ei drivkraft i å realisere kommunen sin næringsstrategi som har følgjande satsingsområde:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Skaparglede i næringslivet 2. Opplevingsnæringar 3. Samarbeid og nettverk 4. Attraktive Sykkylven <p>Sykkylven Næringsutvikling skal bidra til god samhandling med kommuneadministrasjon, politikarar og regionale samarbeidspartnarar, for slik å oppnå best mogleg tilrettelegging av lokalt næringsutviklingsarbeid.</p> <p>Sykkylven Næringsutvikling ivaretar førstelinetenesta i det offentlege verkemiddelapparatet, med Hoppid-kontor som gir rettleiing og økonomisk starthjelp til gründerar. Selskapet forvaltar også Kommunalt Næringsfond for lokale vekstbedrifter.</p> <p>Næringssselskapet har ansvar for drift av møteplassen SkaparLINKEN som ble etablert i januar 2022 for lokale gründerar, bedrifter, kommune, eldsjeler, skule, og besøkande med ønskje om eit uformelt arbeidsfellesskap eller møtestad. SkaparLINKEN skal vere ein arena for nyskaping, kompetanse- og erfaringsutveksling.</p> <p>Selskapet skal jobbe for å sikre langsiktig og føreseibare rammevilkår for drift av selskapet. Kommunen fekk omstillings-status i 2021, for ei periode på inntil seks år. Omstillingsprogrammet bidreg med ressursar til auka aktivitet og tilrettelegging av bistand til lokalt næringsliv.</p>

Namn	Storfjordterminalen
Organisasjonsnummer	951 237 671
Stifta	1988
Sykkylven kommune sin eigardel	100%
Andre eigarar	Ingen
Aksjekapital	Selskapets aksjekapital er kr 735 000,- fordelt på 700 aksjer a kr 1050,-
Dagleg leiing	Jarle Strømmegjerde
Styre	Leiar: Jarle Straumegjerde Medlem: Anne Karin Watters

	Medlem: Erling Olav Opdahl Varamedlem: Torill Velle Varamedlem: Leif Kjetil Lorentzen
Selskapet si heimeside	Storfjordterminalen- Proff- informasjon
Selskapet sitt føremål per dato, nedfelt i vedtektene	Selskapets formål er kai og terminaldrift, samt alt hva hermed står i forbindelse med dette.
Eigarstrategi for selskapet	<p>Storfjordterminalen AS skal ha ansvaret for all hamneutbygging i kommunal regi i Sykkylven, samt drift av kaiene.</p> <p>Selskapet skal finne ei hensiktsmessig arbeidsfordeling mellom dei to kaiområda Aursneset og Aure sentrum. Området kring kaiområdet i sentrum må sjåast på i samband med utvikling av reguleringsplan for området.</p> <p>Selskapet skal samarbeide med andre aktørar, og Næringssekskapet SNU spesielt for å stimulere til aktivitet i samsvar med kommunen sin næringsstrategi generelt og reiselivsatsing spesielt.</p>

Namn	Storfjordsambandet AS
Organisasjonsnummer	943 112 339
Stifta	1987
Sykkylven kommune sin eigardel	33,8 %
Andre eigarar	Stranda kommune (33,1 %), Ålesund kommune (13,9 %), Stryn kommune (9,9 %), Fjord kommune (4,0 %), Volda kommune (3,3 %), Sula kommune (1,3 %), Ørsta kommune (0,7 %)
Aksjekapital	NOK 182.520,00
Dagleg leiing	Øyvind Michael Olsen
Styre	<p>Styrelisar Hans Petter Brunstad Sørensen Nestleiar Leif Jarle Aure Styremedlem Anne Karin Watters Styremedlem Kjell Roar Haukeberg Styremedlem Torill Ansnes Varamedlem 1, Ivar Jan Kristen Langlo Varamedlem 2, Einar Arve Nordang Varamedlem 3, Anne Lise Lunde Revisor Klokk AS Regnskapsfører AS Stette Data</p>

Selskapet si heimeside	https://storfjordsambandet.no/ Storfjordsambandet- Proff- Informasjon
Selskapet sitt føremål per dato, nedfelt i vedtektene	Selskapets sitt formål er å utgreie alternativ for kryssing av Storfjorden med eit kjørbart samband, eventuelt arbeide for betring av eksisterande ferjesamband, og det som står i samband med dette.
Eigarstrategi	<p>Storfjordsambandet AS er eit viktig verktøy for Sykkylven kommune i å bidratt til ein felles og framtidsretta bu- og arbeidsmarknad for denne delen av Sunnmøre</p> <p>Dette inneber å skape ein effektiv kvardag og ei tryggare framtid med meir føreseibare transportmogelegheiter som sikrar attraktivitet og konkurranseevne for innbyggjarar og næringsliv.</p> <p>Selskapet skal legge vekt på ei berekraftig arealforvaltning, samt energieffektiviserande tiltak, null- og lavutslepp, samt fornybare ressursar i konseptval, anleggsperiode og i samferdselsprosjektet si levetid.</p> <p>Eigar sin strategi for perioden er:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Storfjordsambandet AS skal førebu, finansiere og gjennomføre konseptvalutredning (KVU) og uavhengig kvalitetssikring av konseptval (KS1) for Storfjordsambandet som heilhet, i samsvar med prosesskrava i frå Møre og Romsdal fylkeskommune (prosedyre for prosess og kvalitetssikring av «sjølvfinansierande prosjekt»). 2. Utviklingsprosjekt - berekraftige beslutningsmodellar for samferdselsprosjekt – digital tvilling <p>Eit samferdselsprosjekt under planlegging er avhengig av ei rekkje nøytrale data / dokumentasjon som underlag for administrative og politiske beslutningar. Dokumentasjonen er detaljrik og omfattande, men kan vere tidkrevjande og vanskeleg tilgjengeleg både for fagfolk, politikarar og samfunnet elles. Storfjordsambandet skal arbeide for at prosjektet kan verte nytta som ein demonstrator for bruk av digital tvilling som administrativ og politisk beslutningsstøtte i eit regionalt og / eller nasjonalt FoU-prosjekt, der resultatata vert gjort tilgjengeleg og eventuelt kommersialisert nasjonalt</p>

og internasjonalt. Ei slik satsing må finansierast av eksterne midlar.

3. Relasjonsbygging i regionen

Storfjordsambandet sitt arbeid skal bidra til relasjonsbygging og dialog mellom aktørane, samt synleggjere korleis sambandet vil få positiv innverknad / effekt på fleire av dei eksisterande og planlagde samferdselsprosjekta i regionen.

Del 3 – Roller, ansvar og årshjul for eigarstyring

Roller og ansvar:

Kommunestyret: Kommunestyret er ansvarleg for all kommunal verksemd. For å kunne ivareta dette mandatet må kommunestyret ha eit samla grep om heile den kommunale verksemda, her under det som skjer i selskap.

Kommunestyret:

- Utøver eigarstyring gjennom å vedta overordna mål og prinsipp i eigarskapsmelding
- Vedtek å opprette selskap, reorganisering, avvikling og oppløysing av selskap
- Vedtek føremål, stiftingsgrunnlag og leiande organ
- Fastset individuelle/selskapsvise eigarstrategiar med føremål om å gje ei klar retning på kva eigarane vil med selskapet.
- Vel styrerepresentantar til aksjeselskap AS og interkommunale selskap IKS
- Vedtek selskapsavtale for interkommunale selskap
- Vel medlemmer til representantskapet i interkommunale selskap
- Legge føringar for arbeid med å utvikle styringsdokument, som f.eks. eigarskapsmelding og eigarstrategiar

Styret:

Det er ikkje eigar, men styret, som har ansvaret for selskapsstyringa. Styret er selskapet si leiing, og styrer på vegne av eigarane. Styret har ansvar for at selskapet blir forvalta i samsvar med eigar sine interesser, og skal ivareta den strategiske leiinga av selskapet innanfor dei rammene som er gitt av eigar. Dette inneber mellom anna at:

- Styret skal føre kontroll og formulere selskapstrategiar, fatte vedtak og legitimere verksemda
- Vedtek styreinstruks for selskapet og instruks for dagleg leiar
- Styret har ansvar for økonomien til selskapet og vurdering av om det er grunnlag for vidare drift
- Styret skal sørge for at det årleg vert gjennomført ein oppfølgingssamtale med dagleg leiar. I aksjeselskap skal styret gjennomføre ein årleg samtale med revisor utan at dagleg leiar er til stades
- Styret skal kvart år legge fram årsmelding for generalforsamlinga som gir eit komplett bilete av selskapet
- Saker til generalforsamlinga eller tilsvarende organ skal sendast, med forslag til sakliste og alle relevante saksdokument til eigar helst innan 14 dagar, eller andre avtalte fristar, før møtet.
- Styret skal gjennomføre ei årleg eigenevaluering av styrets arbeid sett opp mot selskapet sine vedtekter
- Styret kan ta initiativ til eigarmøte for å bidra til god kommunikasjon mellom eigar og selskap.

Styret skal vere ein viktig diskusjonspart og støttespelar til leiinga i selskapet i større saker. Samtidig må styret kontrollere dagleg leiars arbeid ut i frå gitte målsettingar. Styret må derfor ha ei uavhengig rolle i forhold til dagleg leiar. Eit kompetent styre må kunne utfordre dagleg leiar og selskapet slik at det blir tatt gode avgjerder.

Styret skal som kollegium ha erfaring og kompetanse innanfor definerte behov for kvart selskap og omfattar områda:

- Kunnskap om selskapet si verksemd
- Spesialkompetanse og erfaring innanfor område som er relevant for selskapet
- Erfaring frå leiing og kompetanse knytt til organisasjonsmessige endringsprosessar
- Kompetanse og erfaring knytt til offentleg forvaltning
- Kompetanse og erfaring knytt til styrearbeid

Styreverv i selskap er personleg, dvs. at dei enkelte styremedlemmane ikkje representerer parti, kommunen eller andre interesser, men skal ivareta selskapet sine interesser innanfor dei rammene som er gitt av eigar(ane) gjennom vedtekter og eigarstrategi. Det fordrar høg integritet og evne til å vere konfidensiell om forretningsmessige transaksjonar og strategiske avgjerder.

Så snart som mogeleg etter at val av styremedlemmer er gjennomført, skal det bli gitt tilbod om opplæring i styrearbeid. Kommunen som eigar forventar at selskapet arbeider målretta med å ivareta sitt samfunnsansvar slik det er nedfelt i eigarskapsmeldinga.

Ordførar:

Ordførar møter som kommunen sin representant i selskapa sine eigarorgan, med dei føringane formannskapet gjev. For interkommunale selskap skal kommunen sine eventuelle andre representantar oppnemnast blant kommunestyret sine faste formannskapsmedlemar. Ordførar kan delegere representasjonsretten til varaordførar eller anna representant for kommunen.

Kommunedirektøren:

Kommunedirektøren har ansvar for kommunen sin eigen organisasjon. Verksemd i selskap utanfor kommunen er ikkje underlagd kommunedirektøren sin kontroll og styring. Kommunedirektøren har berre ei rådgivande rolle ovanfor kommunestyret, selskapa sine eigarorgan samt ordførar og andre folkevalde.

Kommunedirektøren kan stille med ressursar til eit eventuelt sekretariat. Sekretariatet har ein støttefunksjon for dei folkevalde, og skal saksførebu eigarsaker som skal handsamast i folkevalde organ; eigarstrategi, selskapsetablering/avvikling og eventuelle aktive grep ovanfor det einskilde selskap. For å sikre kommunedirektøren nødvendig informasjon, kan kommunedirektøren bli gitt observasjonsstatus i styremøte for kommunale selskap og selskap etter kommunelova.

Kommunedirektøren skal elles:

- Administrativt følgje opp kommunen si vedtekne eigarskapsmelding, og ivareta kommunens direkte tenestediolog med selskapa.
- Førebu saker til politisk nivå om utforming av eigarskapsmelding, eigarstrategiar og selskapsvedtekter, eller andre saker som krev særskilt fokus frå selskapet sin eigar.
- Sikre at styrebehandla (vedtekne) budsjettforslag blir fremma som ein del av kommunedirektørens budsjett- og økonomiplan, samt at selskapa si rapportering følg kommunens økonomirapportering og årsmelding.
- Kommunedirektøren utarbeider utbytteforventningar som vert kommunisert til selskapa sine styrer i dei selskapa der det er aktuelt med utbytte, i tråd med eigarstrategiar som vert vedtatt.

Kontrollutvalet:

Selskapskontroll er ein av kontrollutvalets lovpålagte oppgåver, og er eit viktig verkemiddel for å sikre at selskapa underleggast folkevald styring og kontroll, jf. kommunelova § 23-2 c). Selskapskontrollen er todelt. Den eine delen er obligatorisk og dreier seg om eigarskapskontroll; kontroll med kommunens oppfølging av ansvaret sitt som eigar. Den andre delen er frivillig og omfattar forvaltningsrevisjon av selskap. Selskapskontroll kan i prinsippet gjennomførast i alle typar selskap, men omfanget av selskapskontrollen påverkast av eigarforholda i selskapa. Innsyns- og undersøkingsretten til kontrollutvalet, og/eller revisor, er øyremerkt følgjande selskap, jf. kommunelova § 23-6:

- interkommunale selskap (IKS)
- interkommunale politiske råd
- kommunale oppgåvefelleskap
- aksjeselskap der kommunen aleine eller saman med andre kommunar direkte eller indirekte eig alle aksjar i desse selskapa, har kommunen sitt kontrollutval og revisor rett til å innhente dei opplysningar dei finn påkravd, og kan gjennomføre nødvendige undersøkingar.

Utvalet skal varslast om, og har rett til å vere til stades, i eigarorgan etablert med heimel i kommunelova.

Årshjul for eigaroppfølging:

I årshjulet kjem det fram kva som er dei faste møteplassane for dialog og informasjon. I tillegg til dette ynskjer vi å halde ein open dialog med rom for kontakt og møter ved behov.

Aktivitet	Jan	Feb	Mar	April	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
Styret si eigenevaluering												
Generalforsamling												
Eigardag med formannskapet												
Opplæring i styrearbeid etter oppnemning												
Møter ved behov												

Kontaktpunkt i kommunen:

Politisk kontakt	Ordførar
Administrativ kontakt	Kommunedirektør eller den han peikar på.

All kommunikasjon mellom selskap og kommunen, skal som hovudprinsipp førast i postmottak (innkallingar, møteprotokollar etc.)

Første året i valperioden skal eigarskapsmeldinga rullerast. Dette betyr at selskapa kvart fjerde år vert involvert i ein dialogprosess kring denne.

Sykkylven kommune er ikkje eineigar i alle selskap. Sykkylven kommune sine representantar i styre og fora i deleigde selskap skal formidle Sykkylven kommune sine prinsipp, rutinar og rolleforståing

slik dei kjem fram i eigarskapsmeldinga. Målet med dette er at Sykkylven kommune kan utøve ein samla god eigarskapspolitikk ovanfor alle selskap, også dei deleigde.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 32/23	Sykkylven kontrollutval	30.11.2023

Møteplan 2024 - dato for første møtet Sykkylven kontrollutval

Sekretariatet si tilråding:

Sykkylven kontrollutval sitt første møte i 2024 vert onsdag 14. februar.

Møtestad

Møtestart vert sett til kl. ...

Bakgrunn:

Med utgangspunkt i kommunelova § 11 så er det kontrollutvalet sitt eige reglement saman med Sykkylven kommune sitt reglement for folkevalde organ, som legg grunnlaget for denne saka.

Nokre punkt frå desse reglementa:

- Kontrollutvalet skal behandle sine saker og treffe vedtak i møte.
- Kontrollutvalet sine møter er opne for alle og saksdokumenta er offentlege
- Dei folkevalde organa gjennomfører møte etter møteplan fastsett av formannskapet innan utgangen av november føregåande år.
- Utover dette kan ein gjennomføre møte i folkevalde organ om:
 - Organet sjølv eller kommunestyret vedtek det
 - Leiar av organet meiner at det er naudsynt
 - Minst ein tredel av medlemmane i organet krev det

Den som er valt medlem at eit folkevald organ, plikter å delta i organet sine møter, med mindre det føreligg gyldig forfall. Med gyldig forfall er å forstå sjukdom eller andre hindringar som gjer det umogleg eller uforholdsmessig byrdefullt å møte. Som til dømes at ein må forsøme viktige og uoprettelige forretningar eller plikter, slik som møter i andre offentlige organer, eksamen, o.l.,

Gyldig forfall kan også gjelde reise som det vil være urimeleg vanskeleg, praktisk eller tidsmessig, å avbryte.

Forfall må så snart situasjonen oppstår, bli varsla til kontrollutvalsekretariatet slik at varamedlem i rett rekkjefølgje kan kallast inn.

Vurdering:

Det er viktig å sørgje for at kontrollutvalet har tilstrekkeleg med møte, slik at kontrollutvalet kan utføre og følgje opp dei oppgåver som er naudsynt for å sikre forsvarleg kontroll. Kontrollutvalet bør planleggje sine møter slik at det ikkje går for lang tid frå eit møte til det neste, sakene som kjem opp kan då miste sin aktualitet. Og at samanhengen med kommunestyremøta er der, slik at det ikkje er gamalt nytt som vert rapportert frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har faste oppgåver gjennom året som gjer det naturleg at kontrollutvalet har eit minimum av møte.

Når ein fastlegg datoane for kontrollutvalet sine møter er det viktig å tenkje på:

- samordning av kontrollutvalsmøta med kommunestyremøta
- tidspunkt for godkjenning av utvalet si årsmelding
- tidspunkt for rapportering frå rekneskapsrevisjon
- frist for uttale til revisjonsmelding, årsrekneskap og årsmelding
- frist for tilråding til budsjetttramme for kontrollarbeidet

Sekretariatet må sjå møtedatoane i samanheng for alle sju kommunane vi er sekretariat for, og tek hensyn til dette når datoar vert foreslått.

Det å ha ein møteplan sikrar at dette er føreseieleg, og gjer at innbyggjarar, media og andre folkevalde lettare kan følgje arbeidet til kontrollutvalet.

Møteplanen vert kunngjort på kontrollutvalet si heimeside og på kommunen si heimeside i den ordinære møtekalendaren for folkevalde organ.

Sykkylven kommune har i skrivande stund ikkje vedteke kommunestyret sin møteplan for første halvår 2024. Kontrollutvalsekretariatet tilrår difor at kontrollutvalet ser sin møteplan i samanheng med dette og ventar med å fastlegge datoar for heile 2024.

Det kontrollutvalet bør drøfte er kva tidspunkt de vil at møta skal haldast og kor de ynsker at møta skal vere.

Sekretariatet legg med dette fram forslag til møtedato berre for det første møtet i 2024 og det vert foreslått til 14. februar.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 33/23	Sykkylven kontrollutval	30.11.2023

Meldingar

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitande.

Underliggende saker

11/23 Opplæring og kurs for nytt kontrollutval

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
MS 11/23	Sykkylven kontrollutval	30.11.2023

Opplæring og kurs for nytt kontrollutval Sykkylven kontrollutval

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Arbeidet med kontroll, revisjon og tilsyn er til tider komplekst og det å få påfyll og knyte kontaktar med andre innan same fagområde er nyttig. Gjennom året er der nokre kurs og konferansar som er spesielt aktuelle for kontrollutvalsmedlemmane å delta på.

Lokalt vert det planlagt ein opplæringsdag for alle kontrollutvala i Møre og Romsdal, som dei fire sekretariata i fylket planlegg saman. Denne samlinga vert på Vestnes Fjordhotell **15. januar** og **24. januar**, med likt program begge dagane slik at ein kan velje. Programmet ligg ved her.

Meir informasjon om denne samlinga og påmeldingsinformasjon får de tilsendt frå sekretariatet innan kort tid

Det er to bransjeorganisasjonar som tilbyr opplæring og kompetanse til kontrollutvalsarbeidet.

Det er Forum for kontroll og tilsyn (FKT) og NKRF - kontroll og revisjon i kommunene.

Sykkylven kommune ved kontrollutvalet er medlem i FKT og har tilgang til medlemssidene der det ligg god informasjon. Påloggingsinformasjon til medlemssidene får du frå sekretariatet.

Dei faste medlemmane i kontrollutvalet vil få tilsendt medlemsbladet til NKRF, som heiter Kontroll & revisjon. Her er det mange nyttige fagartiklar.

FKT og NKRF har følgjande konferansetilbod som kan vere aktuell for kontrollutvalet å delta på:

NKRFS Kontrollutvalgskonferanse 2024 - NKRF, 31.januar -1. februar, påmeldingsfrist er 14. desember 2023

Fagkonferansen 4. - 5. juni 2024 - Forum for kontroll og tilsyn (fkt.no), påmeldingsfrist i april 2024.

Lenkje til desse ligg ved.

Kontrollutvalet bør drøfte kven, kva og kor utvalet ønskjer å delta. Påmelding står utvalsmedlemmane for sjølve samt bestilling av reise i tråd med kommunen sine rutiner. Reiserekning og kursfaktura skal adresserast til kommunen.

Når forrige kontrollutval gav si innstilling til budsjetttramme for 2024 så er det tatt høgde for samlinga på Vestnes og ein "ekstern" konferanse for kvart av medlemmane, samt leiarkonferansen for utvalsleiaren.

Vedlegg

Program opplæringsamling Vestnes 15.01. og 24.01.2024

Lenkjer kontrollutvalskonferansar 2024

Opplæring for kontrollutvalsmedlemmer

Vestnes Fjordhotell januar 2024

Tidspunkt	Tema	Ansvarleg
1030-1045	REGISTRERING	
1045-1050	Velkommen	Jane Anita Aspen, Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal KO
1050-1130	Roller og samspill: Kontrollutvalet si rolle i forhold til den helskapelege forvaltninga	Bjørn Tømmerdal, Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS og ein politiskar
1145-1230	Kommuneøkonomi for ikkje-økonomer	Ein kommunal økonomisjef
1230-1330	LUNSJ	
1330-1415	Henvendingar til kontrollutvalet	Solveig Kvamme, Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS
1415-1430	PAUSE	
1430-1550	Kontrollutvalet si verktøykasse med utgangspunkt i risiko- og vesentlegvurdering (ROV)	Ingrid Walstad Larsen, Møre og Romsdal Revisjon SA og Sveinung Talberg, Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal KO
1550-1600	PAUSE	
1600-1700	Korleis kan kontrollutvalet hjelpe til med å skape tillit til kommunen?	Politisk redaktør i ei av dei regionale avisene

Vi tek atterhald om endringar i programmet.

[NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2024 - NKRF](#), 31.januar -1. februar,
påmeldingsfrist er **14. desember 2023**

[Fagkonferansen 4. - 5. juni 2024 - Forum for kontroll og tilsyn \(fkt.no\)](#),
påmeldingsfrist i april 2024.